



# Fylkesvegar i Hordaland

Årsrapport for 2015



## Innhald

1. Innleiing.....	4
2. Samla omtale av økonomien på fylkesveg for 2015.....	5
2.1. Drift og vedlikehald av fylkesvegar .....	5
2.1.1. Drift.....	5
2.1.1.1. Drift regulert gjennom faste kontraktar (L210).....	6
2.1.1.2. Drift øvrig (L220) .....	7
2.1.2. Vedlikehald .....	8
2.1.2.1. Vegoppmerking (L 230).....	8
2.1.2.2. Bruvedlikehald (L240) .....	8
2.1.2.3. Dekkelegging (L250).....	8
2.1.2.4. Vedlikehald – øvrig (L260) .....	8
2.2. Investering i fylkesvegar .....	9
2.2.1. Status prosjekt utanom Bergen.....	9
2.2.1.1. Strekningsvise prosjekt.....	10
2.2.1.2. Mindre utbetringar (L320) .....	14
2.2.1.3. Standardhevingstiltak (Investering) (L329).....	15
2.2.1.4. Gang- og sykkelvegar (L330).....	18
2.2.1.5. Trafikksikring (L340) .....	19
2.2.1.6. Miljøtiltak (L350) .....	21
2.2.1.7. Kollektivtiltak (L360).....	21
2.2.1.8. Planlegging (L370).....	22
2.2.1.9. Grunnerverv (L380) .....	23
2.2.1.10. Belønningsmidlar utanom Bergen (L393) .....	23
2.2.2. Status prosjekt i Bergensprogrammet.....	24
2.2.2.1. Store prosjekt i Bergensprogrammet (L315) .....	25
2.2.2.2. Gang- og sykkeltiltak (L335) .....	26
2.2.2.3. Trafikksikringstiltak (L345).....	28
2.2.2.4. Miljøtiltak (L355) .....	29
2.2.2.5. Kollektivtiltak (L365).....	30
2.2.2.6. Planlegging (L375).....	31
2.2.2.7. Belønningsmidlar i Bergensprogrammet (L396).....	32
2.2.2.8. Eksternt finansierte tiltak (L325).....	34

2.2.2.9.	Kommunikasjon i Bergensprogrammet (L375).....	35
2.3.	Rassikring av fylkesvegar .....	35
2.3.1.	Rassikring av fylkesvegar (L410) inkludert forskot.....	35

## 1. Innleiing

Det vart investert for om lag 2 276,4 mill. kr over fylkesvegbudsjettet i 2015, i tillegg til investeringar i Bybanen. Av investeringane vart 491,6 mill. kr dekte av bompengar. Dei største prosjekta var Bømlopakken (307,4 mill. kr), Ringveg Vest i Bergen, byggetrinn 2 som vart opna i 2015 (219,4 mill. kr), Tyssetunellen i Samnanger som opna i 2015 (153,6 mill. kr), Askøypakken (49,4 mill. kr), Kvammapakken (42,3 mill. kr) og Stord Vestside (17,7 mill.kr.).

I 2015 brukte ein for heile Hordaland 53 mill. kr til tiltak for auka trafikktryggleik. Til kollektivtiltak vart det nytta 173,6 mill. kr og til gang- og sykkelveg i alt 55 mill. kr. Til standardheving med vedlikehaldskaraktar vart det nytta vel 101,9 mill. kr. Til rassikring gjekk det med 216,3 mill. kr. Folkedalstunellen på Fv 7 i Granvin opna i 2015. Elles var det stor aktivitet på Lussandberget som også er eit viktig rassikringsprosjekt.

Til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet, som er på om lag 2 900 km, vart det brukt totalt 611,8 mill. kr.

Gjennom faste kontraktar med entreprenørane som har ansvar for å sjå til at vegnettet er operativt, vart det utbetalt ca. 395 mill. kr. Til andre driftsoppgåver, til dømes lys og straum på vegnettet, vart det nytta 73,7mill. kr. På vedlikehaldssida vart det nytta ca. 12,3 mill. kr til vegoppmerking. 98 mill. kr vart nytta til legging av ca. 195,5 km nytt dekke. Det vart nytta 24 mill. kr til vedlikehald av dei ca. 1000 bruene på fylkesvegenettet. Til anna vedlikehald som grøfter, drenering, kantar, murar, tunellar, skilt m.m. vart det nytta vel 11,8 mill. kr.

I årsrapport for 2015 har Statens vegvesen lagt til grunn

- oppdatert leveranseavtale pr. mars 2015
- påfølgjande vedlegg til leveranseavtalen
- justeringane som er vedtekne i løpet av året
- overførte løyvingar for bompengar og belønningsmidlar frå 2014 er innarbeidd.

Rapporten gjev ei samla omtale av økonomien på fylkesveg for 2015. Deretter følgjer ei meir detaljert omtale av rekneskap for drift, vedlikehald og investeringsprosjekt. Budsjettmessige store avvik vert omtala nærare i dette dokumentet. Mindre prosjekt som går som planlagt, utan vesentlege økonomiske avvik, vert ikkje omtala særskilt. Meir detaljar om mindre prosjekt kjem i årsmelding for fylkesveg 2015.

## 2. Samla omtale av økonomien på fylkesveg for 2015

Tabellen under viser vedteke budsjett for drift og vedlikehald, investeringar, belønningsmidlar, tilskot, forskot og bompengar knytt til fylkesvegnettet i Hordaland (inkludert midlane til Bybanen II, III, IV), men midlar knytt til refusjonar utanom Bergen og forskot knytt til riksvegprosjekt er ikkje med.

Tab 1. Tal i heile tusen kr

Totalramme - løyved midlar til vegformål	Drift og vedlikehald	Investeringar (inkludert bompengar, tilskot, forskot, belønningsmidlar og rassikring)	Bybanen II, III og IV	SUM
Overførte Bompengar (fra 2014 til 2015)		38 253	213 000	251 253
Fk midlar (vedtak desember 2014)	531 963	1 155 275		1 687 238
FK mildar (administrativt vedtak)		10 000		10 000
Fk midlar (vedtak fylkestinget juni 2015)		-80 100		-80 100
Fk midlar (vedtak fylkestinget oktober 2015)		17 000		17 000
Bompengar (vedtak desember 2014)		447 000	1 368 000	1 815 000
Bompengar (vedtak fylkestinget juni 2015)		57 500	20 000	77 500
Bompengar (saldering bybaneprojekt - Administrativt vedtak)			-213 000	-213 000
Anna finansiering	Tilskot (vedtak desember 2014)	54 500		54 500
	Tilskot (vedtak fylkestinget juni 2015)	-12 000		-12 000
	Belønningsmidler overført fra 2014	19 940		19 940
	Belønningsmidler innvilget mai 2015	13 950		13 950
	Belønningsmidler innvilget oktober 2015	94 000		94 000
Forskot (vedtak desember 2014)		17 300		17 300
<b>Til disposisjon</b>	<b>531 963</b>	<b>1 832 618</b>	<b>1 388 000</b>	<b>3 752 581</b>
Regnskap hiå	611 787	1 664 634	1 627 700	3 904 121
Avvik mellom tildisposisjon og regnskap hiå	79 824	-167 984	239 700	151 540

© positivt tal er eit meirforbruk, negativt tal er eit mindreforbruk

### 2.1. Drift og vedlikehald av fylkesvegar

Tab.2

Tal i heile tusen kroner

PROGRAMOMRÅDE	REGNSKAP HIÅ	OVERFØRT BELØP FRÅ 2014	F.K.MIDLAR	TIL DISP 2015	AVVIK (TILDISP OG REGNSKAP HIÅ)
Drift - faste kontrakter	394 575	0	-314 250	-314 250	80 325
Drift - øvrig	73 711	0	-69 517	-69 517	4 194
<b>Sum DRIFT</b>	<b>468 287</b>	<b>0</b>	<b>-383 767</b>	<b>-383 767</b>	<b>84 520</b>
Vegoppmerking	12 322	0	-13 000	-13 000	-678
Bruvedlikehold	24 175	0	-23 000	-23 000	1 175
Dekkelegging	98 058	0	-100 000	-100 000	-1 942
Vedlikehald - øvrig	8 945	0	-12 196	-12 196	-3 251
<b>Sum VEDLIKEHALD</b>	<b>143 500</b>	<b>0</b>	<b>-148 196</b>	<b>-148 196</b>	<b>-4 696</b>
<b>SUM DRIFT OG VEDLIKEHALD</b>	<b>611 787</b>	<b>0</b>	<b>-531 963</b>	<b>-531 963</b>	<b>79 824</b>

Det har ikkje vore endringar i løyvinga på drift og vedlikehald i 2015.

#### 2.1.1. Drift

Resultatet for drift av fylkesvegnettet (driftskontaktane) er eit samla meirforbruk på 84,52 mill.kr.

### **2.1.1.1. Drift regulert gjennom faste kontraktar (L210)**

#### **Fagkontrakt drift tunnel Bergen fylkesveg 2010**

Kontrakten har eit meirforbruk på ca. 1,7 mill.kr, som gjeld arbeid med Fv. 240 Toppetunnelen kor det er starta opp oppgradering av vass- og frostsikring.

#### **Fagkontrakt 1256 drift elektro Bergen fylkesveg**

har eit meirforbruk på ca. 4,5 mill.kr som gjeld sluttoppgjer (2 mill.kr), feil på tryggleiksutrustning i Olsviktunnelen (1 mill.kr) og innkjøp av aggregat (1,5 mill.kr).

Kostnadane med denne oppgraderinga er rekneskapsført på drifta, men kunne vore ført på standardhevingsposten. Dette gjer at vi får eit meirforbruk på ca. 9 mill.kr når vi tek alle oppgraderingskostnadane med og eit tilsvarande mindreforbruk på standardhevingsposten.

#### **Funksjonskontrakt 1202 stor-Bergen Fv., 2010-2015 og Driftskontrakt 1202 Stor-Bergen Fv. 2015-2020**

Frå september 2015 vart det inngått ny dritsavtale for Stor-Bergen-kontrakten. Ny entreprenør er arbeidsfellesskapet Stor-Bergen vegdrift (Bergen Bydrift as og Oppedal Drift as) og avtalen gjeld for fem år. Rekneskapsmessig har vi delt kostnaden mellom gammal og ny kontrakt.

Samla sett har vi fått eit meirforbruk på kontaktane på i alt 31 mill.kr i høve til budsjettet. Blant årsakene til meirforbruket er mellom anna stormen Nina som gjorde store skadar. Meirkostnadane med utbetring av skadane er rekna til ca. 5 mill.kr. Det har vore utført sikringsarbeid etter skred på Fanafjellet, Herland og på Osterøy. Meirkostnadane med oppryddinga av skreda er rekna til ca. 5 mill.kr.

I tillegg til usemje om oppgjersform medførte akkumulerte utgifter frå tidlegare år (gjeld kompensasjon for lønns- og prisstigning etter SSB sin indeksar), samt sein fakturering og uorden i faktureringa frå entreprenør, førte dette til meirkostnader. Det er og kome til nokre nye gang- og sykkelvegar i kontakten som ikkje var med opphaveleg. Dette utgjer ei meirkostnad på ca. 13 mill.kr. I tillegg er det tinga grøftereinsk og fornying av samanraste og tette stikkrenner som ikkje låg inne i kontrakten. Dessutan måtte det gjennomførast tiltak for å ta att etterslep på ein del objekt i kontrakten for å få dette i orden til ny driftsentreprenør skulle overta driftsansvaret. Dette utgjer ca. 7 mill.kr På bakgrunn av dei ulike tilhøva som er nemnd over, fekk vi som nemnd ein meirkostnad på ca. 31 mill.kr.

#### **Funksjonskontrakt 1201 ASOLA (grøn) Fv. 2012-2017**

har eit meirforbruk på 3,5 mill.kr kor auka kostnader grunna for lite mengde av vegetasjon og grasareal i kontrakten.

#### **1204 Hardanger 2011-2016 Fylkesveg**

Meirforbruk på 4,8 mill.kr som kjem av flaum og ras, opprydding etter ekstremver, opprydding etter stormdøger. Restkostnader på flaum desember 2015 kjem fyrst i 2016 rekneskapen.

#### **Funksjonskontrakt 1201 ASOLA fylkesveg 2012-2017**

Meirforbruk på 4,1 mill.kr som heng saman med for mange vegar med gamle vegdekke. Flatelapping gjennom driftskontaktane inneber auka kostnader i høve til vanlege asfaltkontaktar.

**Driftskontrakt 1207 Stord 2013-2019 fylkesveg**

Meirforbruk på 9,1 mill.kr skuldast langt høgare vintermengdekostnader enn føresett i kontrakten I samband med verhendinga Nina vart kostanden for opprydding ca. 6,4 mill.kr.

**Driftskontrakt 1203 Nordhordland 2013-2018 fylke**

Meirforbruk 5,2 mill.kr som skuldast langt høgare vintermengdekostnader enn det som ligg i kontrakten. I samband med verhendinga Nina vart oppryddingskostnaden ca. 2 mill.kr.

**Driftskontrakt 1206 Voss 2014-2019, Fylkesveg**

Meirforbruk 8,6 mill.kr som heng saman med flaumen i oktober i 2014, opprydding og utbetring av vegnettet etter stormen "Nina" i januar, arbeid med fjerning av rotvelter frå vinteren gjennom året, bolting i Modalstunnelen, kantforsterkning etter utrasing på Fv. 311 Glimme, 312 Vestbygdi, 313 Nesheimsfjellet, Fv. 7 "Skarpasvingen" og "Klettahola", opprydding etter diverse mindre nedfall, skred og flaumdøger.

**Funksjonskontrakt 1105 Indre Ryfylke Hordaland**

Mindreforbruk 4 mill.kr. Ny kontrakt med ny entreprenør vart starta 01.09.2015. Mogleg skeivfordeling av kostnader mellom ny og gamal kontrakt.

**Indre Ryfylke Hordaland 2010-2015**

Meirforbruk 3 mill.kr. Det vart skifte av entreprenør og kontrakten vart avslutta 31.08.2015. Mulig skeivfordeling av kostnader mellom ny og gamal kontrakt.

**Fylkesveg Hordaland kaivedlikehald**

I 2015 er det et meirforbruk på 4,7 mill.kr som kjem av at heisetårn Ranavik måtte reparerast, samt kostnader knytt til vedlikehald av ferjekaibru i Skånevik som auka på grunn av vertilhøva. På Jondal ferjekai måtte ny brystning lagast.

Ca 4 mill.kr av desse kostnadene kunne ha vore rekneskapsført på posten for standardheving.

**Forsikringsskader**

knytt til vegnettet for Hordaland viser eit meirforbruk på 5,5 mill.kr. Dette er krav som vert sendt til forsikringsselskapa for inndekning. Ofte kjem innbetalinga frå forsikringsselskapet lang tid etter at skaden er ferdig utbeta. Dette gjer at utgifter og inntekter vert skeivt fordelt i rekneskapen.

På bakgrunn av rekneskapsføring av nokre utbetringstiltak gjennom driftskontraktane i staden for på posten for standardheving, får vi eit meirforbruk på drifta på ca 13 mill.kr og tilsvarende mindreforbruk på standardhevingsposten.

**2.1.1.2. Drift øvrig (L220)**

Her er det eit meirforbruk på ca. 4,2 mill.kr. Sidan det er meirforbruk på driftskontaktane, har forsøkt å redusere aktiviteten på dei postane der det er mogleg. 2,6 mill.kr av desse skulle vore ført på L329. Kostnadane på denne posten gjeld hovudsakleg straum og tilskot



til vegljøs. Tilskot til vegljøs er vanskeleg å føresjå kostanden ved sidan dette varierer frå år til år. I 2015 vart dette 1,3 mill.kr høgare enn løyvinga.

#### **Reinhold Fv. Bergen sentrum**

hadde eit meirforbruk på 1,1 mill.kr. På ettersumaren 2015 vart ny reinhaldsavtale med Bergen kommune inngått. Den var dyrare enn den førre kontrakten.

#### **Fv. Nyskilting i Bergen distrikt**

reduserte aktiviteten grunna meirforbruk på Stor-Bergen kontrakten.

#### **Diverse eigedomskostnader /drift Fv.**

reduserte aktiviteten grunna meirforbruk på Stor-Bergen kontrakten.

#### **Diverse driftstiltak Fv.**

har fått eit meirforbruk på 0,4 mill.kr. Det skuldast hendingar som ikkje let seg planleggje. (Vassproblematikk, ivareta eigedomsansvar i samband med endringar på vegnett, nabotilhøve mm).

#### **Drift av datakommunikasjon. Fv i Bergen**

er knytt til datakommunikasjon til tunnelar.

### **2.1.2. Vedlikehald**

Under vedlikehald er samla mindreforbruk på 4,7 mill.kr.

#### **2.1.2.1. Vegoppmerking (L 230)**

Det vart eit lite mindreforbruk på posten i 2015, fordi ein måtte stoppe arbeidet på grunn av årstida og veret. Nokre nylagte dekke ligg umerka og vil bli teke våren 2016.

#### **2.1.2.2. Bruvedlikehald (L240)**

Opphavelag var det lagt opp til eit mindreforbruk, for å kompensere for meirforbruk på ferjekaivedlikehald. Kostnadene ved reparasjon av fuger på Osterøybrua og Askøybroen ble imidlertid mangedobla fordi tilstanden var mykje verre enn føresett. Lukkelegvis lot fugene seg reparere før dei vart øydelagde. Planlagt tiltak på Rongsvåg vart ikkje utført i 2015.

#### **2.1.2.3. Dekkelegging (L250)**

Det er eit mindreforbruk på ca. 2 mill.kr på denne posten i 2015 som heng saman med at vinteren kom tidlegare enn venta. Det vart lagt ca 195 km med asfalt i 2015.

#### **2.1.2.4. Vedlikehald – øvrig (L260)**

På posten er det eit mindreforbruk på 3,2 mill.kr som heng saman at ein har forsøkt å halde att på grunn av meirforbruk på drift i 2015.

## 2.2. Investering i fylkesvegar

Tabellen syner løyvingane for 2015 inkludert overførte løyvingar frå 2014. Under fylkeskommunale midlar (FK MIDLAR) er løyvinga for 2015 frå Hordaland fylkeskommune teke med. I tillegg er overførte midlar og belønningsmidlar for 2015 inkludert i denne summen. Under anna finansiering, er overførte bompengar, bompengar for 2015, tilskot og forskot teke med.

Tab. 3

Tal i heile tusen kroner				
	REGNSKAP HIÅ	FK MIDLAR	ANNA FINANSIERIN	SUM
BERGENSPROGRAMMET	544 381	-401 515	-236 985	-94 119
HORDALAND (UTANOM BERGEN)	903 970	-607 550	-365 568	-69 148
TOTALT	1 448 351	-1 009 065	-602 553	-163 267
BYBANEN II, III OG IV	1 627 700		-1 388 000	239 700
SUM	3 076 051	-1 009 065	-1 990 553	76 433

Nedanfor er det gitt ein status for prosjekta i Hordaland utanom Bergen fordelt på strekningsvise prosjekt og programområda, der det er vesentlege avvik på kostnader og framdrift. Vesentlege avvik er etter rammeavtala 10 % meir- eller mindreforbruk eller meir enn 10 million kroner i avvik. Det er og gitt ein omtale av prosjekta i Bergensprogrammet på tilsvarende måte i kap. 2.2.2. Rassikring vert omtala i kap. 2.3.

### 2.2.1. Status prosjekt utanom Bergen

Tab 4

Tal i heile tusen kr							
	REGNSKAP HIÅ	F.K.MIDLAR (ÅRETS LØYVING)	BOMPENGAR OVERFØRT FRÅ 2014	BOMPENGAR	Andre eksterne midlar	Tildisp i 2015	Avvik mellom tildisp og regnskap hiå
Strekningsvise prosjekt	710 412	-386 800	-9 768	-333 500	-16 300	-741 368	-30 956
Kollektivtiltak	22 604	-24 000	0	0	0	-24 000	-1 396
Trafikksikringstiltak	26 751	-32 900	0	0	0	-32 900	-6 149
Gang- og sykkeltiltak	1 144	-9 000	0	0	-1 000	-10 000	-8 856
Miljøtiltak	374	-4 850	0	0	0	-4 850	-4 476
Mindre utbetringar/til rådvælde	10 466	-14 000	0	0	0	-14 000	-3 534
Planlegging	13 203	-14 800	0	0	0	-14 800	-1 597
Belønningsmidlar	701	-2 750	0	0	0	-2 750	-2 049
Standardhevingstiltak	100 139	-123 450	0	0	-5 000	-128 450	-28 311
Sum fylkesvegar utanfor Bergen 2015 - løyving gitt i leveranseavtalen	885 794	-612 550	-9 768	-333 500	-22 300	-973 118	-87 324
Strekningsvise prosjekt	2 244	0	0	0	0	0	2 244
Kollektivtiltak	1 256	0	0	0	0	0	1 256
Trafikksikringstiltak	8 629	0	0	0	0	0	8 629
Gang- og sykkeltiltak	296	0	0	0	0	0	296
Miljøtiltak	40	0	0	0	0	0	40
Mindre utbetringar/til rådvælde	40	0	0	0	0	0	40
INNLØYSING AV HUS/EIGEDOMAR	3 927	0	0	0	0	0	3 927
Standardhevingstiltak	1 743	0	0	0	0	0	1 743
Sum fylkesvegar utanfor Bergen 2015 - utan løyving	18 176	0	0	0	0	0	18 176
Sum fylkesvegar utanfor Bergen 2015 - totalt	903 970	-612 550	-9 768	-333 500	-22 300	-973 118	-69 148

Tabellen over er todelt. Den øvre delen gjeld kostnadene for dei investeringsprosjekta som det er midlar til i 2015-budsjettet. Den nedre delen viser prosjekt som ikkje vart ferdige avslutta i 2014 og ferdigstilling og der sluttoppgjær kom i 2015. Denne metodikken er nytta i heile rapporten.

### 2.2.1.1. Strekningsvise prosjekt

Tabellen under syner resultatet for dei strekningsvise prosjekta. Rekneskapstala er samla sum for fylkeskommunal løyving, tilskot, forskot og bompengar.

Tab 5

Tal i heile tusen kr.

FV NR	PROSJEKT	REGNSKAP HIÅ	F.K.MIDLAR (ÅRETS LØYVING)	BOMPENGAR OVERFØRT FRÅ 2014	BOMPENGAR	FORSKOT	TILSKOT	TIL DISP 2015	AVVIK (TILDISP OG REGNSKAP HIÅ)	Fase
546	FV 546 AUSTEVOLLBRUA, INNSPARTE FERJETILSKOT	9 910	-9 900	0	0	0	0	-9 900	10	Brua er ferdig
567	FV 567 HAUGE - LONEVÅG	2 041	-1 500	-1 500	0	0	0	-3 000	-959	Ferdig
107	FV 107 JONDALSTUNNELN	942	-1 000	-962	0	0	0	-1 962	-1 020	Ferdig
7/49	FV 7/49 KVAMMAPAKKEN	42 362	-30 000	0	-25 000	0	0	-55 000	-12 638	Under bygging
542/	FV 542/542 BØMLOPAKKEN	307 438	-60 000	0	-237 000	0	-3 000	-300 000	7 438	Under bygging
48	FV 48 TYSSETUNNELN	153 600	-136 000	0	0	0	0	-136 000	17 600	Tatt i bruk
209	FV 209 STORSKARET - AREFJORDPOLLEN	4 457	-5 000	0	0	0	0	-5 000	-543	Kontrakt inngått
158	FV 158 GRINDVOLL - LEPSØY	11 252	-15 000	0	0	0	0	-15 000	-3 748	anleggsarbeid pågår
122	FV 122 VENJANESSET - STRANDVIK	28 990	-35 700	0	0	-2 300	0	-38 000	-9 010	bygging/anleggsarbeid
6	FV 6 HAUGLANDSPAKKEN SVEIO - BUAVÅG	1 472	-6 000	-1 700	-14 000	0	0	-21 700	-20 228	bygging/anleggsarbeid
567	FV 567 HOSANGER SENTRUM	32 451	-29 000	0	0	0	-1 000	-30 000	2 451	Prosjektert
49	FV 49 UGGDAL - UGGDALSEIDET	27 577	-23 000	0	0	0	0	-23 000	4 577	Avslutning
48	Fv 48 - Løfallstrand - Årsnes	2 633	0	-1 300	0	0	0	-1 300	1 333	Ferdig
	HUNDVÅKØY - HUFTARØY	13	0	36	0	0	0	36	49	Ferdig
	Brakeveien 34D	-800	0	800	0	0	0	800	0	
545	FV 545 STORD VESTSIDE	16 695	-2 700	0	-19 500	0	0	-22 200	-5 505	Under bygging
	ASKØYPAKKEN	49 405	-6 000	-5 000	-38 000	0	0	-44 000	5 405	Nesten ferdig
313	FV 313 UNDERGANG RINGHEIMSVEGEN VOSS	10 722	-16 000	0	0	0	0	-16 000	-5 278	Ferdig
	KOLLEKTIVTERMINAL VOSS	3 086	-2 000	0	0	0	0	-2 000	1 086	Prosjektering
	Utredning utvidelse av Askøybrua	561	-1 000	0	0	0	0	-1 000	-439	Utredning
	Rundkjøring Strusshamn	0	0	-142	0	0	0	-142	-142	Ferdig
563	FV 563 RUNDKJØRING FLORVÅG	5 606	-2 000	0	0	0	-10 000	-12 000	-6 394	Ferdig
	<b>SUM STREKNINGSVISE PROSJEKT MED LØYVING GITT I LEVERANSEAVTALEN</b>	<b>710 412</b>	<b>-381 800</b>	<b>-9 768</b>	<b>-333 500</b>	<b>-2 300</b>	<b>-14 000</b>	<b>-741 368</b>	<b>-30 956</b>	
	Uspesifisert prosjekt	25	0	0	0	0	0	0	25	
	MATREFJELLET	23	0	0	0	0	0	0	23	
544	Fv544 Tofte - Ranavik	-897	0	0	0	0	0	0	-897	Ferdig
550	Fv550 Utne Herand	-55	0	0	0	0	0	0	-55	Ferdig
315	Fv 315 Bavallsvegen byggetr. 1	61	0	0	0	0	0	0	61	
310	Fv310 Bordalsvegen	1 658	0	0	0	0	0	0	1 658	bygging/anleggsarbeid
57	Fv 57 Konglevoll G/S	146	0	0	0	0	0	0	146	Ferdig
	TS Mækjebakken - strakstiltak	3	0	0	0	0	0	0	3	
48	Teigen-Årsnes fergekai	123	0	0	0	0	0	0	123	
563	Kleppestø - Ask	1 154	0	0	0	0	0	0	1 154	Ferdig
E39	E39 Flatøy Midtdeler	3	0	0	0	0	0	0	3	
	<b>SUM ANDRE STREKNINGSVISE PROSJEKT UTAN LØYVING</b>	<b>2 244</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>2 244</b>	
	<b>SUM STREKNINGSVISE PROSJEKT TOTALT</b>	<b>712 656</b>	<b>-381 800</b>	<b>-9 768</b>	<b>-333 500</b>	<b>-2 300</b>	<b>-14 000</b>	<b>-741 368</b>	<b>-28 712</b>	

Budsjettjustering juni 2015 - reduksjon i løyving (FK midlar) med 42,3 mill.kr,samt auke i løyving bompengar med 57,5 mill.kr. Budsjettjustering oktober 2015 - reduksjon i løyving (FK midlar) med 17 mill.kr.

Omtale av prosjekt med vesentlege avvik:

#### Fv. 567 Hauge - Lonevåg

Dette prosjektet vart opna i november 2011 og bompengerekkjeringa på Osterøybrua vart avslutta i 2015. I 2015 er det inngått avtale og utbetalt ein mindre sum til Osterøy kommunen for at dei står for utbetring av vassleidning, mindre restarbeid og støyttiltak. Det står att ca. 960 000 kr i bompengar. Desse midlane skal etter bompengerekkjeringane disponerast i området midlane er kravd inn. SVV vil utarbeide eit eige forslag til disponering av desse midlane.

#### Fv. 107 Jondalstunnelen

Tiltaket er teke i bruk. Hausten 2015 vart det gjennomført 3-års sluttbefaring. I samband med at perioden for innkrevjing av bompengar på ferja Tørvikbygd - Jondal vart korta

ned, vart det innbetalt mindre bompengar enn føresett. Fylkeskommunen har gitt tilsegn om å dekke dei tapte inntektene. Det står att noko restarbeid.

#### **Fv.7/49 Kvammapakken**

Framdrifta er seinare enn planlagt på grunn av meir tidkrevjande plan- og prosjekteringsprosessar enn føresett. Dette har ført til eit mindreforbruk på dryge tolv million kroner.

<b>Delprosjekt</b>	<b>Status</b>
Fv. 49 Vikøy - Norheimsund	Hovuddelen av prosjekter er ferdig, men det står att ein kort strekning i Vikøy sentrum. Planer for strekninga er ferdig og prosjektet vil blir gjennomført dersom det vert tilstrekkelege midlar i Kvammapakken. Restkostnaden er rekna til om lag 14 mill. kr.
Fv. 7 Skarparsvingen - Øystese aust	Arbeid på strekninga mellom Øystese og Stråndi er i full gong og skal vere ferdig til sumaren 2016.
Fv. 7 Nes - Norheimsund	I 2015 har det vore grunnkjøp og oppstartarbeid. Bygging startar i 2016.
Fv 7. Bosstippen/Skeianeset	Dette prosjektet er det ikkje finansielt rom for å gjennomføre innanfor tilgjengelege midlar i Kvammapakken.
Fv. 49 Lingaparsellen	Ferdig
Fv. 7 Kvamskogen G/S	I 2015 har det vore planlegging og vurdering av kostnader.

#### **Fv. 542/542 Bømløpakken**

Framdrifta er høgare enn planlagt og difor er det varsla eit lite meirforbruk.

<b>Delprosjekt</b>	<b>Status</b>
Fv 542 Røyksund bru med veg (nord)	Prosjektering er under arbeid. Søknad om fråvik vart ikkje godkjent. Det er uavklart kva konsekvensar dette får for prosjektet.
Fv 18 Klubbo – Bømlø	Ferdig.
Fv 541 Hestaneset - Tjong	Prosjektet ligg 6 veker bak framdriftsplanen fordi kontrakten vart seinare tildelt enn planlagt. Prosjektet er under bygging. Planlagt ferdig mai 2016.
Fv 541 Sakseid-Hestaneset	Forslag til reguleringsplan er sendt kommunen. Reguleringsplanen er venta godkjent i 2016.
Fv19 Rubbestadneset-Rolfsnes.	Strekninga Rubbestadneset-Aga krysset må utsetjast til kommunen har teke stode til arealbruken i området. Prosjektering for Aga krysset-Rolfsnes er i gang med og det er venta utlysing i 2016.
Fv.541 Tjong-Løvegapet	Her vert det arbeid med grunnkjøp og det er venta lyst ut våren 2016.
Fv 542 Røyksund-Eikeland	Ferdig

Fv542 Planl. bomstasjon Spissøy	Ferdig
Fv.14 Stavland-Bjødledalen	Ferdig
Fv542 Stokkabekken-Siggjarvåg	Under bygging og er venta ferdig juni 2017. Progresjonen er 2 månader framfor framdriftsplanen.
R541 Rubbestadneset – Miljøgate	Ferdig
Fv 542 Hollundsdaalen – Stokkabekk	Ferdig, men det ligg føre reklamasjon på vegljøs. Kostanden er belasta på prosjektet og vi krev dette dekkja av entreprenør.
Fv541 Stokkabekken-Rubbestadneset	Ferdig, men har varsla reklamasjon pga setningssskade.

#### **Fv. 48 Tyssetunellen**

Tunnelen vart opna 6. juli 2015 og sluttoppgjjer kom i ferien. Det er semje med entreprenøren på grunnentreprisen. Dermed er det oppnådd semje om alle kontraktane. Slutfaktura er med i rekneskapsåret 2015.

Prosjektet har utført arbeid for BKK, Telenor og Samnanger kommune og skal totalt ha tilbakebetalt 8,4 mill. kr for desse arbeida. 4,0 mill. kr av desse er med i rekneskapsåret 2015 og resterande 4,4 mill. kr vil bli tilbakebetalt i 2016.

Følgjande arbeid står att i 2016:

- 1) Kartforretning med restutbetaling til grunneigarar.
- 2) Tilføring og planering av jord på det eine deponiet av ubrukbare massar.
- 3) Kostnader for omklassifisering og tilhøyrande utbetring av Fv. 48 (gamlevegen)
- 4) Montering av skvett skjerm ved Sætrevikselva på Fv. 48.

#### **Fv. 209 Storskaret - Arefjordpollen**

Prosjektet får seinare byggstart (januar 2016) enn planlagt på grunn av tidkrevjande prosess med BKK. (Flytting av straumførande anlegg) og avklaringar knytt til grunnkjøp.

#### **Fv. 158 Grindavoll - Lepsøy**

Prosjektet har starta opp seinare enn planlagt som følgje av utfordringar med prosjekteringa. Strekninga som no vert bygd er Grindavoll - Vågshaugen. Oppdelinga i byggjesteg, skuldast manglande finansiering for heile strekninga.

#### **Fv. 122 Venjaneset - Strandvik**

Mindreforbruket i 2015 skuldast at ein del oppgåver måtte utsettast til våren 2016. Dette skuldast veret på vinteren i 2015, og avklaring på sluttarbeid knytt til deponiområde. Sluttoppgjjer og kostnader til grunnkjøp kjem i 2016.

#### **Fv. 6 Haugalandspakken – Sveio - Buavåg**

Prosjektet har seinare framdrift enn planlagt, fordi det har teke lengre tid å inngå grunnavtalene enn planlagt.

### **Fv. 567 Hosanger sentrum**

I 2015 vart det eit meirforbruk på prosjektet fordi entreprenøren fikk utført meir arbeid. Det står att restarbeid, som er venta ferdig i juni 2016.

### **Fv. 49 Uggdal - Uggdalseidet**

Meirforbruket skuldast auka utgifter til fjellsikring, murar og grunnavtaler som varsla tidlegare. Statens vegvesen har motteke faktura på sluttoppgjer og har betalt ut delar av dette i 2015. Med i tallene for 2015 er også den andre og omtvista delen av sluttoppgjeret på 2,7 mill.kr (kontert pga HFK og mva). Det blir avklaring av oppgjeret fyrst i februar/mars 2016.

### **Fv 545 Stord vestside**

Bompengeinnkrevinga er utvida til og med 2016, jfr Prop 32S (2014-2015) og Innst. 118S (2014-2015). Status på Fv. 545 Sagvåg bru er at kontrakt er inngått, ferdigstilling er utsett til april 2016. Dette skuldast diverse planavklaringar og forhold til Stord vann og avløp. Fv. 545 Rimmereid – Vik, vert lyst ut som totalentreprise i februar/mars 2016.

### **Askøypakken**

har ved utgangen av 2015 eit meirforbruk på 5,4 mill.kr. Nedanfor går det fram korleis status er for delprosjekta i pakken.

<i>Delprosjekt</i>	<i>Status</i>
Fv.563 Bakarvågen	Vegen er teken i bruk. Prosjektet er under avslutning. Mindre kostnadsfordeling med Askøy kommune står att.
Askøypakken bomstasjonar	Stasjonane er teke i bruk, og her er det berre mindre arbeid som står att..
Askøypakken Fv 563 Strømsnes.	Prosjektering og grunnkjøp pågår og er venta slutført i 2016. Prosjektet er venta klart for utlysning hausten 2016.
Askøypakken Fv 562 Slettebrekka.	Grunnkjøp og prosjektering pågår og er venta slutført i 2016. Prosjektet er venteleg klart for utlysning våren 2016 og det er venta byggestart i 2016.
Askøypakken Fv 562 Fauskanger	Reguleringsplan er under arbeid
Askøypakken Fv 213 Skiftesvik – Merkesvik	Prosjektering er starta og grunnkjøp vert starta opp i 2016. Prosjektet er venteleg klart for utlysning i 2017.
Askøypakken kollektivtiltak - fv	Prosjektering av desse kollektivtiltaka er starta; Djupamyrr, Follese skole, Flaggset og Solviken. Grunnkjøp vert gjort våren 2016 og prosjekta er venteleg klare for utlysning i løpet av våren 2016
Askøypakken planlegging	Under arbeid
Askøypakken Fv 562 Skansen (Kleppe)	Ferdig

### Kollektivterminal Voss

Prosjektering er nesten ferdig - forutan sjølve grensesnittet mot naboareala til ROM Eigedom, Jernbanelinje og Voss Energi. Tilbodsmateriale er forventa ferdig jan/feb 2016, men ventar på finansiering av den statlege delen (godkjenne forskottering av andre).

### Fv. 313 Undergang Ringheimsvegen Voss

Gjennomføringa av undergangen under jernbanelinja vart gjort utan problem i den togfrie helga i september. Prosjektet er ferdig og opna. Slutfaktura kom på feil side av årsskiftet og det står dessutan att sluttarbeid for 300 000 kr i 2016 . Det er difor ikkje noko mindreforbruk slik avviket kan tyde på.

### Fv. 563 Rundkøyring Florvåg

Prosjektet er ferdig. Her er eit mindreforbruk på om lag 6,4 million kroner. Dette skuldast at prosjektet vart rimelegare enn budsjettert.

#### Tiltak som ikkje har løyving i 2015:

Under denne kategorien kjem prosjekt som ikkje har løyving i 2015 i leveranseavtalen, men ferdigstilling og sluttrekningar kjem i 2015 i staden for 2014.

### Fv. 544 Tofte – Ranavik

Her er ei meirinntekt på 897 som skuldast innbetaling frå Kvinnherad kommune for arbeid med vatn- og avløpsrøyr i samband med vegprosjektet.

### Fv. 310 Bordalsvegen

Her er eit meirforbruk på 1,658 mill. kr. Det skuldast forbruk for 2014 som vart fakturert i 2015.

### Fv. 563 Kleppetø – Ask

Her er eit meirforbruk på 1,154 mill. kr som skuldast kartforretning og oppmåling.

## 2.2.1.2. Mindre utbetringar (L320)

Tab 6		Tal i heile tusen kr.								Fase
FV NR	PROSJEKT	REGNSKAP HIÅ	F.K.MIDLAR (ÅRETS LØYVING)	BOMPENGEAR OVERFØRT FRÅ 2014	BOMPENGEAR	FORSKOT	TILSKOT	TIL DISP 2015	AVVIK (TILDISP OG REGNSKAP HIÅ)	
49	FV 49 HOLMALIA	3 575	-2 000	0	0	0	0	-2 000	1 575	bygging/anleggsarbeid
107	FV 107 JONDAL FERGEKAI	4 004	-8 000	0	0	0	0	-8 000	-3 996	bygging/anleggsarbeid
49	FV 49 BRUVIK	2 887	-4 000	0	0	0	0	-4 000	-1 113	bygging/anleggsarbeid
	SUM MINDRE UTBETRINGER MED LØYVING	10 466	-14 000	0	0	0	0	-14 000	-3 534	
	Andre planprosjekt	31	0	0	0	0	0	0	31	
	Ekstramidlar Tiltak fylkesveger	74	0	0	0	0	0	0	74	
	FV Hordl. kaivedlikehold	-641	0	0	0	0	0	0	-641	
	Videoovervåking Askøybroen	-125	0	0	0	0	0	0	-125	
545	Fv 545 Rydland og Fitjar sentrum	21	0	0	0	0	0	0	21	ferdig
	Sams vegadministrasjon	39	0	0	0	0	0	0	39	
48	Våge ferjekai - dykdalb	426	0	0	0	0	0	0	426	
	Nordhuglo ferjekai - dykdalb	215	0	0	0	0	0	0	215	
	SUM MINDRE UTBETRINGER UTAN LØYVING	40	0	0	0	0	0	0	40	
	SUM MINDRE UTBETRINGER TOTALT	10 507	-14 000	0	0	0	0	-14 000	-3 493	

### Fv. 49 Holmalia

Meirforbruket skuldast mellom anna høgare kostnader til murar, plastring av renne, betongrekkverk og steinmasser til fylling, samt ein del andre mindre postar. Desse

kostnadene er omstridde summar som er med i 2015 rekneskapen og som vi har motsegn mot i sluttoppgjeret. Det blir avklaring av oppgjeret først i februar/mars 2016.

### Fv. 107 Jondal ferjekai

Arbeidet pågår. Avklaring omkring innløyising av bankbygg og lang prosjekteringstid, førte til seinare utlysing enn planlagt. Kontraktfesta sluttdato er 30.04.2016.

### Fv. 49 Bruvik

Totalkostnadene vert lågare enn fyrst antatt. Det står att noko restarbeid i 2016.

## 2.2.1.3. Standardhevingstiltak (Investering) (L329)

Tab 7

Tal i heile tusen kr

TYPE TILTAK	REGNSKAP HIÅ	F.K.MIDLAR (ÅRETS LØYVING)	BOMPENGAR OVERFØRT FRÅ 2014	BOMPENGAR	FORSKOT	TILSKOT	TIL DISP 2015	AVVIK (TILDISP OG REGNSKAP HIÅ)
BRUER OG FERJEKAIER	25 966	-27 400	0	0	0	0	-27 400	-1 434
TUNNELAR	23 903	-44 000	0	0	0	0	-44 000	-20 097
MURER, KANTAR, DIVERSE	50 271	-52 050	0	0	0	-5 000	-57 050	-6 779
SUM STANDARDHEVINGSTILTAK FINANSIERT MED STATLEG TILSKOT GITT I LEVERANSEAVTALEN	100 139	-123 450	0	0	0	-5 000	-128 450	-28 311
ANNET	75	0	0	0	0	0	0	75
MURER, KANTAR, DIVERSE	1 668	0	0	0	0	0	0	1 668
SUM STANDARDHEVINGSTILTAK FINANSIERT MED STATLEG TILSKOT - UTAN LØYVING	1 743	0	0	0	0	0	0	1 743
<b>SUM STANDARDHEVINGSTILTAK</b>	<b>101 883</b>	<b>-123 450</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-5 000</b>	<b>-128 450</b>	<b>-26 567</b>

Administrativt vedtak med auke i løyving på 2,45 mill.kr, som er knytt opp mot rebudsjetteringspotten.

### Bruer og ferjekaier

Det er eit mindreforbruk for standardheving bruer.

Fv 550 Alsåkerelven Bru – Det har teke tid med å få godkjent brukonstruksjonen og entreprenøren starta arbeidet seinare enn venta. Ferdigstilling av prosjektet er venta først vår 2016.

Fv. 49 Bru bru: Det har teke tid med å få godkjent brukonstruksjonen i vegdirektoratet. Samstundes har ein venta på godkjenning av reguleringsplanen for brua. I tillegg er det blitt utsetting på grunn av uavklart tilhøve til grunneigar, risting frå peling og auregyting. Prosjektet har no vore ute på anbod, og vil starte opp i løpet vinteren 2016.

Fv. 550 Utne ferjekai – oppgradering: Grunna mykje arbeid med og manglande avklaring mot kommune/grendelag om eigarskapet til bygget, blei tidspunkt for start utsett. Truleg avslutta våren 2016.

Det er inngått avtale med entreprenør om vedlikehald av fleire mindre bruer i Modalen, Vaksdal, Osterøy, Masfjorden og Meland. Avtalen var at arbeidet skulle gjennomførast i 2015 og 2016. Sidan ein ikkje fekk gjennomført tiltaka på Bru bru og Alsåkerelva bru som planlagt, er arbeidet med dei mindre bruene som var planlagt i 2016 skjøve fram til 2015. I budsjettet for 2016 er det teke omsyn til dette.



I 2015 er heissystemet for ferjekaiene på Sydnes, Hjeljestad, Klokkarvik bygd om til hydraulikk i samsvar med budsjettet.

### **Tunnelar**

På posten tunnelar er eit mindreforbruk på ca. 20 mill.kr. Nedanfor er ein kort omtale av nokre av prosjekta.

Naudnett Fase 3 Hordaland FV vart hovudsakleg ferdig i 2014 for dei tunnelene som hadde analogt nett, men det er nokre av dei som vert gjennomført i år.

Lyngfell – framdrifta for oppgradering av tunnelen er endra på grunna manglande byggherrekapasitet. Arbeid som er utført i 2015 er etablert teknisk bygg og framføring av kraft. Tiltaket er venta fullført i 2016.

Gjennom driftskontraktane for tunnel og elektro er det gjennomført oppgraderingstiltak for 9 mill.kr. Kostnadane med dette er rekneskapsmessing ført på drifta, men kunne vore ført her. Dette gjer at vi får eit meirforbruk på drifta og eit mindreforbruk på denne posten.

Trysdalstunnelen: Arbeidet blir utført i forhold til tunnelinspeksjon og kostnadene vart litt lågare enn planlagt.

Fv7 Hagaås- og Liarostunnelen - Her er ein innpå ferdig med fjellreinsk, sikring og vassikring av tunnelen. Slutføring av dette vert i 2016. Gjennomføring av dette er avhengig av mildvær då det gjeld tildekking av vassikring med betongsprut. Alt elektro/tunnelstyringsarbeid står att til ny kontrakt som skal utlysast i 2016.

DAB på fylkesvegar er gjennomført på dei tunnelane som fekk naudnett i første runde. Vi er ikkje kom i gang med innkjøp av utstyr til dei resterande tunnelane der det skal monterast DAB pga. manglande byggherrekapasitet. Dette gjer at vi får eit vesentleg mindreforbruk i 2015.

### **Murar, kantar og diverse**

Her er det eit mindreforbruk på ca. 6,8 mill.kr i 2015. Nedanfor er det omtale av dei prosjekta det er knytt vesentleg avvik til.

Fv 314 Hamlagrø - Dale Hp4 og 5: Det var lagt opp til å lyse ut fleire mindre prosjekt i ein rammeavtale. Utarbeiding og kvalitetssikring av denne rammeavtalen tok meir tid enn føresett og dette førte til at arbeidet med mange mindre prosjekt ikkje kom i gang som planlagt. Prosjektet starta opp seinhaust og vart ikkje ferdig til årsskiftet. Mindre arbeid står att.

Fv. 134 Frøland – Kvittingen. Tiltaket er ferdig. Her er arbeidet slutført i tråd med opprustingsplanen med BKK. Eigen sluttrapport blir utarbeida for dette tiltaket. Meirforbruk på dette tiltaket om lag kr 2 mill. kr for perioden 2014-2015 (delvis grunna tiltak som "skulle vore utført som vedlikehaldstiltak" på driftskontrakten).

Fv569 Dalseide-Modalen - murar, kantar: Dette prosjektet skulle inngå som ein del av rammeavtalen, jfr. omtale over, men pga. avtalen først ble inngått på hausten førte dette til seinare kontrahering enn planlagt. Dei mindre tiltaka vert gjennomført etter prioritert rekkefølge. Prosjektet starta opp seinhaustes og vart ikkje klar til årsskiftet. Mindre arbeid står att.

Fv310 Haugamoen Rong - murer, kantar: Dette prosjektet skulle og inngå som ein del av rammeavtalen, jfr. omtale over, men pga. avtalen først ble inngått på hausten førte dette til seinare kontrahering enn planlagt. Dei mindre tiltaka vert gjennomført etter prioritert rekkefølge. Prosjektet starta opp seinhaustes og vart ikkje klar til årsskiftet. Mindre arbeid står att.

Fv. 564 Fossesjøen: Dette prosjektet ble utført saman med Fv. 564 Fossekrysset. Fossesjøen er avslutta i 2015 og det vidare arbeidet held fram på Fossekrysset i 2016. Meirforbruket på prosjektet gjeld kostnader som tilhøyrar Fossekrysset.

Fv. 374 Bogslia: Arbeidet er utført til ein høgare kostnad (ca. 0,4 mill.kr.) enn løyvd. Dette skuldast at kalkulasjonsgrunnlaget var usikkert då budsjettet var utarbeidd.

Fv. 57 Trædalseggje og Hatlestrand - som følge av kapasitetsproblem på byggherresida, vart ikkje dei to toalettanlegga lyst ut på anbod i 2015. Kostnaden i år gjeld prosjektering. Sidan prosjekteringa er ferdig, er dei 2 toalettanlegga omtrent klare for utlysing. Førebels kostnadsoverslag viser at kostnadene ville vere dobbelt av løyvinga. Sidan tiltaket ikkje var fullfinansiert vart det utsett til naudsynt løyving er på plass.

Fv. 391 Leknes – Hegertveit: Prosjektet vart billegare( ca. 0,3 mill.kr) enn kalkulasjonsgrunnlaget.

Fv. 48 Øpstebø – Gjermundshamn: Tiltaket er ferdig. Arbeidet er utført til rimelegare pris enn løyvd. Det skuldast endra metode.

Fv. 57 Reinsk og sikring; Arbeidet er utført og fakturert til rimelegare pris enn føresett.

Fv. 8 Liavåg: I tillegg til planlagt arbeid vart eit TS tiltak i Sveio Sentrum teke, som blir lik ramma. Det er uteståande ca. 0,4 mill.kr som kjem på 2016 rekneskapen. Dette skuldast sein fakturering frå entreprenøren.

*Tiltak som ikkje har løyving i 2015:*

Under tiltaksformer murer, kantar og diverse er tiltaket ved Norheimsund vidaregåande skule under full produksjon. Tiltaket hadde løyving i 2014 men vart ikkje slutført.

## 2.2.1.4. Gang- og sykkelveggar (L330)

Tab 8

Tal i helle tusen kr.

FV NR	PROSJEKT	REGNSKAP HIÅ	F.K.MIDLAR (ÅREIS LØYVING)	BOMPENGAR OVERFØRT FRÅ 2014	BOMPENGAR	FORSKOT	TILSKOT	TILDISP 2015	AVVIK (TILDISP OG REGNSKAP HIÅ)	Fase
44	FV 44 BOGNES	500	-500	0	0	0	0	-500	0	ferdig
	Tiltak etter GS inspeksjonar	-292	0	0	0	0	0	0	-292	
49	FV 49 LIDARENDE	502	-750	0	0	0	0	-750	-248	
7	FV 7 GRANVIN SKULE - KOLLEKTIVKNUTEPUNKT	0	-250	0	0	0	0	-250	-250	
	SKILTING AV NASJONAL SYKKELROUTE 4 OG 6	0	-700	0	0	0	0	-700	-700	
570	Fv570 Sandnes Skule, Masfjorden	434	-6 000	0	0	0	-1 000	-7 000	-6 566	bygging/anleggsarbeid
	DIVERSE MINDRE GS-TILTAK	0	-800	0	0	0	0	-800	-800	
	<b>SUM GANG OG SYKKELVEGAR MED LØYVING</b>	<b>1 144</b>	<b>-9 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-1 000</b>	<b>-10 000</b>	<b>-8 856</b>	
34	Fv 34 SKÅNEVIK KAI-IDRETTSPLASSEN	296	0	0	0	0	0	0	296	
	<b>SUM GANG OG SYKKELVEGAR UTAN LØYVING</b>	<b>296</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>296</b>	
	<b>SUM GANG OG SYKKELVEGAR TOTALT</b>	<b>1 441</b>	<b>-9 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-1 000</b>	<b>-10 000</b>	<b>-8 559</b>	

Tabellen over er også todelt. Den øvre delen er det som er løyvd i 2015-budsjettet og den inneheld eit prosjekt som ikkje vart ferdig i 2014 og slutt oppgjer kom i 2015. Resultatet for 2015 er 8,6 mill.kr i mindreforbruk. Det skuldast særleg gang og sykkelveg ved Sandnes skule i Masfjorden som ikkje kom like raskt i gang som planlagt.

### Fv 44 Bognes i Kvinnherad kommune

Tiltaket vart gjennomført utan avvik.

### Tiltak etter GS inspeksjonar og diverse mindre GS tiltak

Tiltaka er ikkje bygd på grunn av manglande kapasitet hjå byggherresida.

### Fv. 49 GS-veg Lidarende

Arbeidet starta med prosjektering som føreset. Dette vart billegare enn budsjettet.

### Fv.7 Granvin skule gang og sykkeltiltak ved kollektivknutepunkt

Dette tiltaket vart ikkje gjennomført på grunn av manglande byggherrekapasitet.

### Skilting av nasjonal sykkelrute

Her manglar gode og realistiske planer. Avviket skuldast ressursmangel på dette fagfeltet i 2015.

### Fv. 570 Sandnes skule, Masfjorden

Grunnavtalane er kome seint på plass og utlysning er utsett. Forbruk i 2015 er knytt til grunnkjøp og byggherrekostnader. Byggestart og ferdigstilling vil skje i 2016.

## 2.2.1.5. Trafikksikring (L340)

Tab 9

Tal i heile tusen kr.

TYPE TILTAK	REGNSKAP HIÅ	F.K.MIDLAR (ÅRETS LØYVING)	BOMPENGAR OVERFØRT FRÅ 2014	BOMPENGAR	FORSKOT	TILSKOT	TIL DISP 2015	AVVIK (TILDISP OG REGNSKAP)
TILTAK ETTER TRAFIKKSikkerhetsinspeksjon	5 704	-7 500	0	0	0	0	-7 500	-1 796
FARTSREGULERING (INKL.SIKT-/SKILTUTBEDRING)	317	-1 400	0	0	0	0	-1 400	-1 083
SIGNALREGULERTE GANGFELT	1 959	-3 700	0	0	0	0	-3 700	-1 741
SIKRING AV KRYSSINGSPUNKT	5 346	-4 650	0	0	0	0	-4 650	696
SIDEREKKVERK	1 942	-2 000	0	0	0	0	-2 000	-58
GANG OG SYKKEL	0	-500	0	0	0	0	-500	-500
UTBETRING AV ULYKKESPUNKT	129	-1 000	0	0	0	0	-1 000	-871
VEGBELYSNING	3 876	-4 250	0	0	0	0	-4 250	-374
ANDRE UTBETRINGER PÅ VEG	7 476	-7 900	0	0	0	0	-7 900	-424
SUM KOLLEKTIVTILTAK MED LØYVING I LEVERANSEAVTALEN	26 751	-32 900	0	0	0	0	-32 900	-6 149
Andre utbetringar på veg	3 507	0	0	0	0	0	0	3 507
Tiltak etter trafikksikkerhetsinspeksjon	941	0	0	0	0	0	0	941
Fartsregulering (inkl.sikt-/skiltutbedring)	395	0	0	0	0	0	0	395
Sikring av kryssingspunkt	1 357	0	0	0	0	0	0	1 357
Siderekkverk	2 425	0	0	0	0	0	0	2 425
Gang og sykkel	5	0	0	0	0	0	0	5
SUM TRAFIKKSIKRINGSTILTAK UTAN LØYVING	8 629	0	0	0	0	0	0	8 629
<b>SUM TRAFIKKSIKRINGSTILTAK TOTALT</b>	<b>35 380</b>	<b>-32 900</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-32 900</b>	<b>2 480</b>

Administrativt vedtak med auke i løyving på 7,3 mill.kr, som er knytt opp til rebudsjetteringspotten.

Tabellen over er og todelt. Den øvre delen er det som er løyvd i 2015-budsjettet og den nedre delen er dei prosjekta som ikkje vart ferdig i 2014 og rekningane kom i år. Her er det overført 7,3 million kroner frå rebudsjettering ettersom det var ganske mange tiltak frå 2014 som måtte fullførast i 2015.

### Tiltak etter TS inspeksjonar

Her er eit mindreforbruk på nærare 1,8 millionar. Det skuldast at ein ikkje rakk å kome i gang med tiltaka

- Fv 550 Aga – Kråkevik
- Fv 44 Sunde – Husnes og
- Fv 562 Åsebø – Fromreide

Samstundes har tiltaket Mollandsvåg – Sogn grense eit meirforbruk på 1,1 mill. kr. fordi ein nytta høvet til å få etablert meir rekkverk her. Tiltaket i Steinsdalen var og 10 % dyrare en føresett.

### Fartsregulering

Her er det ein dryg million i mindreforbruk. Det skuldast at berre eit av fire prosjekt er gjennomført. Det skuldast manglande kapasitet hjå driftsentreprenør.

### Sikring av kryssingspunkt

Dei fleste prosjekta er gjennomført i tråd med byggeprogrammet. Palmafossen, Husnes, Storebø og Os er ikkje utført på grunn av manglande kapasitet hjå entreprenør og /eller på byggherresida. Likevel er det eit meirforbruk på nærare 0,7 mill. kr. Det skuldast at nokre av prosjekta var dyrare enn føresett.

### **Signalregulerte gangfelt**

Potten har eit mindreforbruk på 1,7 mill.kr. Prosjektet på Fv. 561 Morlandstø er ikkje starta opp pga. usemje om grunnavståing. Grunnarbeid på Fv. 561 Ågotnes og Fv. 563 Holmedal er på det nærmaste ferdigstilt. Det står att montering av trafikkljos på alle tre stadene.

### **Gang og sykkel**

Her er det eit mindreforbruk på 0,5 mill.kr: Fv572/301 Bru Gauro og Vambheimselva i Ulvik vart ikkje bygd av kapasitetsgrunnar.

### **Andre utbetringar på veg**

Her er eit meirforbruk på 3,1 mill.kr som gjeld diverse trafikksikringstiltak på veg i Bergen distrikt. Dette skuldast mellom anna eit tilskot til Fjell kommune til fortau og kostnader for trafiktryggleikstiltak til Storebø terminal.

### **Utbetring av ulukkespunkt**

Fv. 569 Tretteneset i Vaksdal vart gjennomført til ein lågare kostnad. Tiltaket i Ålvik vart ikkje gjennomført på grunn av vinterver og må takast seinare. Dermed vart det eit mindreforbruk på nærare 0,9 mill. kr.

### **Vegljos**

Her er eit mindreforbruk på 374 000 kr. Nokre prosjekt var dyrare, nokre vart billegare. Manger- Marås vart ikkje gjennomført fordi midlane vart flytta til andre TS-prosjekt.

### **Trafikktryggleik totalt**

Tiltak som ikkje har løyving i 2015 summerer seg til 8,6 million kroner. Mindreforbruket på tiltaka som hadde løyving i 2015 var 6,15 og meirforbruket vert ca 2,5 mill. kr på trafiktryggleikstiltaka.

## 2.2.1.6. Miljøtiltak (L350)

Tab 10

Tal i heile tusen kr.

FV NR	TYPE TILTAK	PROSJEKT	REGNSKAP HIÅ	F.K.MIDLAR (ÅRETS LØYVING)	BOMPENGAR OVERFØRT FRÅ 2014	BOMPENGAR	FORSKOT	TILSKOT	TIL DISP 2015	AVVIK (TILDISP OG REGNSKAP HIÅ)
555	OPPRUSTING RASTEPLASSAR	FV 555 EIDE	0	-2 000					-2 000	-2 000
48	OPPRUSTING RASTEPLASSAR	HOLMEFJORD	74	-2 000					-2 000	-1 926
	OPPRUSTING RASTEPLASSAR	Mundheim rasteplass	0	-250					-250	-250
	SIKTRYDDING	DIVERSE SIKTRYDDING FOR Å	300	-300					-300	0
7	ANDRE MILJØTILTAK	MILJØGATE	0	-300					-300	-300
	<b>SUM MILJØTILTAK MED LØYVING</b>		<b>374</b>	<b>-4 850</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-4 850</b>	<b>-4 476</b>
		Isdal - Alve	31	0	0	0	0	0	0	31
126		Fv 126 Vara	9	0	0	0	0	0	0	9
	<b>SUM MILJØTILTAK UTAN LØYVING</b>		<b>9</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>9</b>
	<b>SUM MILJØTILTAK TOTALT</b>		<b>383</b>	<b>-4 850</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-4 850</b>	<b>-4 467</b>

Administrativt vedtak med auke i løyving på 0,25 mill.kr som er knytt opp mot rebudsjetteringspotten.

### Opprusting rasteplassar

har totalt eit mindreforbruk på 4,1 mill.kr og tiltaka er;

- Fv. 555 Eide der Sund kommune byggherre . Tiltaket vart ikkje bygd i 2015.
- Fv. 48 Holmefjord. På grunn av knapp kapasitet på byggherresida, vart anbodet ikkje lyst ut. Kostnader i år gjeld prosjektering og prosjekteringa er ferdig. Dei 2 toalettanlegga er omtrent klare for utlysing dersom det er finansiering.
- Mundheim rasteplass - servicebygget er på plass, men faktura frå Kvam kommune kjem fyrst i 2016.

### Andre miljøtiltak

Fv. 7 Granvin – miljøgate vart ikkje bygd i 2015 på grunn av kapasitetsutfordringar.

## 2.2.1.7. Kollektivtiltak (L360)

Tab 11

Tal i heile tusen kr.

TYPE TILTAK	REGNSKAP HIÅ	F.K.MIDLAR (ÅRETS LØYVING)	BOMPENGAR OVERFØRT FRÅ 2014	BOMPENGAR	FORSKOT	TILSKOT	TIL DISP 2015	AVVIK (TILDISP OG REGNSKAP HIÅ)
TERMINALER, VENTEROM, KNUTEPUNKT, INNFARTSPARKERING, SNUPLASS	13 292	-9 700	0	0	0	0	-9 700	3 592
OPPGRADERING AV HALDEPLASSAR (UU OG TS)	7 772	-11 600	0	0	0	0	-11 600	-3 828
BUSSKUR	1 540	-2 700	0	0	0	0	-2 700	-1 160
<b>SUM KOLLEKTIVTILTAK MED LØYVING GITT I LEVERANSEAVTALEN</b>	<b>22 604</b>	<b>-24 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-24 000</b>	<b>-1 396</b>
Terminaler, venterom, knutepunkt, innfartsparkering mm	56	0	0	0	0	0	0	56
Anna	78	0	0	0	0	0	0	78
Oppgradering av haldeplassar (UU og TS):	1 122	0	0	0	0	0	0	1 122
<b>SUM KOLLEKTIVTILTAK UTAN LØYVING</b>	<b>1 256</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1 256</b>
<b>SUM KOLLEKTIVTILTAK TOTALT</b>	<b>23 859</b>	<b>-24 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-24 000</b>	<b>-141</b>

Tabellen over er og todelt. Den øvre delen er det som er løyvd i 2015-budsjettet og den nedre delen er dei prosjekta som ikkje vart ferdig i 2014 og rekningane kom i 2015.

### **Terminalar, venterom, knutepunkt, innfartsparkering, snuplass**

Desse tiltaka har eit meirforbruk på 3,6 mill.kr.

Terminal Storebø ungdomsskule i Austevoll kommune har eit meirforbruk som gjeld meirarbeid på grunnarbeid, samt manglande postar i konkurransegrunnlag for stikkrennene under fylkesvegen og flytting av sprengte masser.

Fv. 367/375 Raknes og Bernes har eit lite mindreforbruk som skuldast at det står att oppgjer på noko grunnkjøp. Prosjektet er ferdig.

Fv. 360 Bruvik sentrum- mpg/trafikkisikring har eit mindreforbruk som heng saman med at det står att noko restarbeid. Desse vert utført i 2016. Totalkostnader vert venteleg lågare enn budsjett.

Fv. 545 Valen sjukehus – kollektivt har eit lite mindreforbruk i 2015. Prosjektet starta opp seinhaustes og vart ikkje klar til årsskiftet. Mindre arbeid står att.

### **Oppgradering av haldeplassar (universell utforming og trafikktryggleik)**

har samla sett eit mindreforbruk på 2,7 mill.kr gjeld desse tiltaka;

- Valebygda, Vågedalen og Vikse skule er ferdige og kosta mindre enn føreset.
- Oppgradering av haldeplassar u/Bergen har eit mindreforbruk fordi arbeida vart billigare.
- Fv. 107 Sætveithagen starta seinhaustes og vart ikkje klar i 2015. Noko arbeid står att.
- Fv. 7 Gullbotn vart ikkje bygd i 2015 m.a. på grunn av uavklarte grunntilhøve.
- Fv. 7 Eikedalen. Busslomme er ferdig prosjektert, men ikkje bygd.

### **Busskur**

har eit mindreforbruk på 1,2 mill.kr. Dei som er nemnt i byggeprogrammet er bygd med unnatak av Litlabøvegen på Stord. Her vart ein barnehage nedlagt og det var barnehagen som rettferdiggjorde trongen for busskur nett her.

#### **2.2.1.8. Planlegging (L370)**

Tab 12

Tal i heile tusen kr

PROSJEKT	REGNSKAP HIÅ	F.K.MIDLAR (ÅRETS LØYVING)	BOMPENAR OVERFØRT FRÅ 2014	BOMPENAR	FORSKOT	TILSKOT	TIL DISP 2015	AVVIK (TILDISP OG REGNSKAP HIÅ)
PLANLEGGINGSMIDLAR	13 203	-14 800	0	0	0	0	-14 800	-1 597
SUM PLANLEGGINGSMIDLAR UTANOM BERGEN								
GITT I LEVERANSEAVTALEN	13 203	-14 800	0	0	0	0	-14 800	-1 597

Her er eit mindreforbruk som skuldast at nokre prosjekt går saktare enn planlagt.

### 2.2.1.9. Grunnerverv (L380)

Tab 13

Tal i heile tusen kr

PROSJEKT	REGNSKAP HIÅ	F.K.MIDLAR (ÅRETS LØYVING)	BOMPENGAR OVERFØRT FRÅ 2014	BOMPENGAR	FORSKOT	TILSKOT	TIL DISP 2015	AVVIK (TILDISP OG REGNSKAP HIÅ)
GRUNNERVERV (L380)	3 927	0	0	0	0	0	0	3 927
SUM GRUNNERVERV UTANOM BERGEN UTAN MILDAR I LEVERANSEAVTALEN	3 927	0	0	0	0	0	0	3 927

Det er ikkje løyving på programområdet i 2015. Førte kostnader er etterslep frå tidlegare år.

### 2.2.1.10. Belønningsmidlar utanom Bergen (L393)

Tab 14

Tal i heile tusen kr

PROSJEKT	REGNSKAP HIÅ	F.K.MIDLAR (ÅRETS LØYVING)	BOMPENGAR OVERFØRT FRÅ 2014	BOMPENGAR	FORSKOT	TILSKOT	TIL DISP 2015	AVVIK (TILDISP OG REGNSKAP HIÅ)	Fase
Fv 61 Skrivervegen - fortau, G/S	701	-2 750	0	0	0	0	-2 750	-2 049	Prosjektering og grunnerverv
SUM BELØNNINGSMIDLAR GITT I LEVERANSEAVTALEN	701	-2 750	0	0	0	0	-2 750	-2 049	

Auke i løyving mai 2015 som er knytt til belønningsmidlar på 2,75 mill.kr.

Ved årsslutt viste resultatet eit mindreforbruk på vel 2 mill.kr knytt til denne posten. Det er oppretta ein eigen bevilgningskode til tiltaket Skrivervegen, fortau, for å kunne skilje belønningsmidlar i og utanfor Bergen. Tiltaket er ikkje fullfinansiert. Prosjektet er i gong med prosjektering og det er starta med grunnkjøp. P.t. ventast avklaringar på fullfinansiering. Kriteria for tildeling av midlar var at HFK skulle yte ein eigenandel på 50%. Dette er ikkje løyvd og må handsamast i 2016. Til orientering: Søknad om midlar til planavklarte sykkelprosjekt, vedtak i FUV 19.02.15.



## 2.2.2. Status prosjekt i Bergensprogrammet

Tabellen under syner totaloversikt for hovudpostane i Bergensprogrammet. Oversikten inkluderer også løyvingane til Bybanen.

I stor grad skuldast det samla avviket på programområda i Bergensprogrammet, tildelingar av belønningmidlar seint på hausten 2015. Dette er overførbare midlar som er ført over for bruk i 2016. Elles er det unytta bompengar, til Kong Oscarsgate (etter bompengefondet frå 2001), til Hjeltestadvegen og kollektivfeltet i Fyllingsdalen. Desse midlane vart løyvd for å sikre fullfinansiering av tiltaka, da unytta bompengar og først over ved årsskiftet.

Tab 15

Tal i heile tusen kr

LØYVING I 2015	REGNSKAP HIÅ	F.K.MIDLAR (OVERFØRT LØYVING BELØNNING SMIDLAR)	F.K.MIDLAR (ÅRETS LØYVING)	BOMPENGAR OVERFØRT FRÅ 2014	BOMPEN GAR ÅRETS	BIDRAG FRÅ PRIVATE	TIL DISP 2015	AVVIK (TILDISP OG REGNSKAP HIÅ)
MILJØ OG SENTRUMSTILTAK	6 158	0	-3 000	-10 685	0	0	-13 685	-7 527
GANG OG SYKKELTILTAK	46 757		-42 600	0	-38 000	-4 000	-84 600	-37 843
TRAFIKKSIKRINGTILTAK	17 473		-18 900		-2 000	0	-20 900	-3 427
KOLLEKTIVTILTAK	99 996	0	-93 800	-1 800	-16 000	0	-109 800	-9 804
PLANLEGGING	38 079	0	-31 500	0	0	0	-31 500	6 579
KOMMUNIKASJON	1 588	0	-3 000	0	0	0	-3 000	-1 412
RV 580 SANDSLIKRYSSET	7 566	0	-7 000	0	0	0	-7 000	566
SUM SEKKEPOSTER	217 616	0	-192 800	-12 485	-56 000	-4 000	-270 485	-52 869
BYBANEN II	0	0	0	0	-5 000	0	-5 000	-5 000
BYBANEN III	1 627 700	0	0	0	-1 363 000	0	-1 363 000	264 700
BYBANEN IV	0				-20 000	0	-20 000	-20 000
RINGVEG VEST II	219 422	0	-70 000	-16 000	-115 000	0	-201 000	18 422
SUM STORE/STREKNINGSVISE PROSJEKT	1 847 122	0	-70 000	-16 000	-1 503 000	0	-1 589 000	258 122
EKSTERNT FINANSIERTE TILTAK DER HFK KUN BEVILGER MVA	49 743	0	-8 375	0	0	-33 500	-41 875	7 868
BELØNNINGSMIDLAR	46 151	-19 940	-105 200	0	0	0	-125 140	-78 989
SUM FYLKESVEGER BERGENSPROGRAMMET SOM ER GITT LØYVING I LEVERANSEAVTALEN	2 160 633	0	-271 175	-28 485	-1 559 000	-37 500	-2 026 500	134 133
MILJØ OG SENTRUMSTILTAK	186	0	0	0	0	0	0	186
GANG OG SYKKELTILTAK	7 535	0	0	0	0	0	0	7 535
TRAFIKKSIKRINGTILTAK	84	0	0	0	0	0	0	84
KOLLEKTIVTILTAK	3 145	0	0	0	0	0	0	3 145
STORE/STREKNINGSVISE PROSJEKT	486	0	0	0	0	0	0	486
ANNET	11	0	0	0	0	0	0	11
SUM FYLKESVEGAR BERGENSPROGRAMMET UTAN LØYVING I 2015	11 448	0	0	0	0	0	0	11 448
SUM FYLKESVEGER BERGENSPROGRAMMET	2 172 081	0	-271 175	-28 485	-1 559 000	-37 500	-2 026 500	145 581
TOTALT								

## 2.2.2.1. Store prosjekt i Bergensprogrammet (L315)

Tab 16

Tal i heile tusen kr

Fv nr	PROSJEKT	REGNSKAP HIÅ	F.K.MIDLAR (ÅRETS LØYVING)	BOMPENGAR OVERFØRT FRÅ 2014	BOMPENGER ÅRETS	BIDRAG FRÅ PRIVATE	TIL DISP 2015	AVVIK (TILDISP OG REGNSKA P HIÅ	Fase
	BYBANEN II	0	0	0	-5 000	0	-5 000	-5 000	
	BYBANEN III	1 627 700	0	0	-1 363 000	0	-1 363 000	264 700	
	BYBANEN IV	0			-20 000		-20 000	-20 000	
557	RINGVEG VEST II	219 422	-70 000	-16 000	-115 000	0	-201 000	18 422	opna
	SUM STORE PROSJEKTER MED LØYVING	1 847 122	-70 000	-16 000	-1 503 000	0	-1 589 000	258 122	
	Infrastruktur Paradis	486	0	0	0	0	0	486	
	SUM STORE PROSJEKTER MED LØYVING	486	0	0	0	0	0	486	
	SUM TOTALT	1 847 608	-70 000	-16 000	-1 503 000	0	-1 589 000	258 608	

### Bybanen II, III og IV

Uttak av bompengar vert gjort i høve til signaliserte kostnader i 2015. HFK regnskapsfører og skal rapportere til Svv.

### Fv. 557 Ringveg Vestbyggetrinn II

Tiltaket opna for trafikk 12.november 2015. Prosjektet hadde eit forbruk på 220 mill.kr. i 2015. Det er eit avvik på året på i underkant av 19 mill. kr. Det vart ikkje gjennomført budsjettjusteringar i løpet av 2015, da ein ikkje kjente utfallet av pågåande arbeid med sluttoppgjær. Del-sluttoppgjær med en av hovudentreprenørane er ikkje avslutta, men prosjektet samla ligg estimert ca. 320 mill. kr. (2016-kr.) under styringsramma for prosjektet (P50).

## 2.2.2.2. Gang- og sykkeltiltak (L335)

Tab 17

Tal i heile tusen kr

FV nr	PROSJEKT	REGNSKAP HIÅ	F.K.MIDLAR (ÅRETS LØYVING)	BOMPENGAR OVERFØRT FRÅ 2014	BOMPENGAR ÅRETS	BIDRAG FRÅ PRIVATE	TIL DISP 2015	AVVIK (TILDISP OG REGNSKAP HIÅ)	Fase
566	HJELLESTADVEGEN	2 463	0	0	-18 000	0	-18 000	-15 537	Prosjektering/grunnerverv
183	TOTLANDSVEGEN	378	-650	0	0	0	-650	-272	Ferdig
582	KRINGSJÅVEGEN - SYKKELFELT	9 635	-9 000	0	0	0	-9 000	635	Ferdig
	FABRIKKGATEN, FJØSANGER - INNDALSVEIEN	3 841	-4 000	0	0	0	-4 000	-159	Ferdig
540	FYLLINGSDALEN ALLESTADVEIEN-SKARPHAUGEN SYKKELVEG M/FORTAU	13 654	0	0	-20 000	0	-20 000	-6 346	Anleggsarbeid pågår
	NYGÅRDSTANGEN GANG OG SYKKELBRO	262	-1 500	0	0	0	-1 500	-1 238	Prosjektering ferdig
564	SALHUSVEIEN, SYKKELVEG MED FORTAU	6 197	-9 300	0	0	-4 000	-13 300	-7 103	Anleggsarbeid pågår
	KANALVEIEN-KRONSTAD SYKKELVEG M/FORTAU	82	-150	0	0	0	-150	-68	Lagt på vent etter avtale
	GANG OG SYKKELTITAK I KNUTEPUNKT FOR EKSEMPEL	8 131	-10 000	0	0	0	-10 000	-1 869	Prosjektering/grunnerverv
	OPPFØLGING SYKKELBYAVTALEN	2 054	-2 000	0	0	0	-2 000	54	løpande aktivitet
	DIVERSE SYKKELTITLAK	6 466	-6 000	0	0	0	-6 000	466	ferdig
	SUM GANG OG SYKKELTILTAK gitt løyving i leveranseavtale	53 163	-42 600	0	-38 000	-4 000	-84 600	-31 437	
	USPESIFISERT	24	0	0	0	0	0	24	
	Birkelundsbakken	357	0	0	0	0	0	357	ferdig
	Sykkeltellere for sentrum	276	0	0	0	0	0	276	ferdig
557	Bjørgeveien-Straume-Sandeide	473	0	0	0	0	0	473	prosjektering/grunnerverv
	SUM GANG OG SYKKELTILTAK uten løyving	1 130	0	0	0	0	0	1 130	
	<b>SUM GANG OG SYKKELTILTAK TOTALT</b>	<b>54 293</b>	<b>-42 600</b>	<b>0</b>	<b>-38 000</b>	<b>-4 000</b>	<b>-84 600</b>	<b>-30 307</b>	

Reduksjon i løyving tilskot juni 2015 med 12 mill.kr. Administrativt vedtak oktober 2015; redusjon i løyving på 12,4 mill. kr.

Gang og sykkeltiltak vert og finansiert av belønningsmidlar (Sjå eigen omtale).

### Fv. 566 Hjellestadvegen

Prosjekteringa held fram, og det er venta utlysning i oktober 2016. Anleggstart vert venteleg våren 2017. I 2016 vert det kostnader for kjøp av grunn. Kostnadsramma for prosjektet er 150 mill.kr. Godkjend reguleringsplan ligg føre.

### Fv. 183 Totlandsvegen

Prosjektet omfattar gang/syssel- og trafikktryggleikstiltak. Ved T1 var det venta eit varig mindreforbruk på 2 mill.kr på gang og sykkel på årets budsjett fordi slutfaktura vart med i 2014 rekneskapen. Det vart eit tilsvarande meirforbruk i 2014. Mindreforbruket vart saldert bort i administrativ sak. Prosjektet er ferdigstilt, slutfaktura er oppgjort.

### Fv. 582 Kringsjøvegen –sykkelfelt

Tiltaket vart opna for trafikk i juni 2015. Ved T1 hadde prosjektet eit venta meirforbruk i 2015 på 5,5 mill. kr. grunna forskyving i tid. Kostnader tiltenkt 2014 kom til utbetaling i 2015. I tillegg har det kome diverse tillegg i anleggsperioden som mengder, separering av overflate- og spillvatn samt tilrettelegging for sanntid på haldeplassane. Ved saldering etter T1 var tiltaket tildelt 5,5 mill. Prosjektet er ferdigstilt og sluttoppgjør utbetalt.

### **Fabrikkgaten, Fjøsanger- Inndalsvegen**

Tiltaket hadde anleggstart 24. august 2015. Tiltaket opna 16. desember 2015. Tiltaket har fått 3 mill. kr. i ekstra belønningsmidlar til sykkel etter revidert statsbudsjett i 2015. Det må påreknast sluttoppgjjer i 2016 på ca. 2 mill.kr. Prosjektet er ferdigstilt.

### **Fv 540 Fyllingsdalen, Allestadvegen –Skarphaugen, sykkelveg med fortau**

På grunn av planlegginga av Bybanen mot Vest har styringsgruppa i Bergensprogrammet avgjort å redusera omfanget i prosjektet. Naudsynte endringar i prosjekteringa har ført til forskyving av oppstart i høve til opphavelag plan. Anleggsarbeidet kom i gong i august 2015 og tiltaket har hatt ein lågare faktureringsgrad enn føreset i budsjetteringa. I 2015 er tiltaket finansiert med bompengar som vart overført til bruk i 2016. Estimert totalkostnad er ca. 120 mill. kr etter dei omtala endringane. Tiltaket er venta ferdig 1. kvartal 2017. Sluttoppgjjer er venta i 2017.

### **Nygårdstangen, gang og sykkelbro**

Prosjektering av tiltaket vart ferdigstilt i 2015. Tiltaket vil få steinmassar frå riksveganlegget Svegatjønn- Rådal. Avviket i 2015 skuldast at anleggsstart vart utsett for å få tilgang til massar og godkjenning for utfylling i Store Lungegårdsvann. Utfylling vil skje så snart som mulig i 2016. Tiltaket har fått tildelt belønningsmidlar i 2015 som vert overført for bruk i 2016. Justering av tidspunkt for å starte opp går ikkje ut over estimert totalkostnad i prosjektet på 56 mill. kr.

### **Fv 564 Salhusveien, sykkelveg med fortau**

Tiltaket har eit samla avvik på vel 7 mill. kr. Prosjektet er kome seinare i gang enn først føreset pga. tidkrevjande prosess med grunnverv og utfordringar i prosjekteringa. Kontrakt med entreprenør er inngått i januar 2016. Fysisk oppstart er venta medio februar 2016, med ferdigstilling hausten 2017.

### **Kanalveien –Kronstad, sykkelveg med fortau**

Prosjektet er pt. ikkje byggbart pga. manglande grunnavtaler. Utfordringar knytt til grunnavståing og plangrunnlag gjer prosjekteringa utfordrande. FKG har kome fram til at prosjektet vil måtte realiserast som ein del av bybaneprosjektet mot Fyllingsdalen. Ved T2 vart midlane saldert mot andre prosjekt.

### **Gang og sykkeltiltak i knutepunkt, for eksempel Wergeland etc.**

Tiltaket hadde eit mindreforbruk på i underkant av 1,9 mill. kr. i 2015. Midlane avsett i 2015 går til finansiering av grunnkjøp og prosjektering av områdeplan for Paradis. Avviket skuldast at fakturering for gjennomført grunnkjøp ikkje har kome med i rekneskapen for 2015. Prosjekteringa held fram i 2016.

### **Oppfølging sykkelbyavtalen**

Aktiviteten går som planlagd. Dette er tilskot til Bergen kommune. Sykkelbyavtalen er også tildelt belønningsmidlar i 2015. Delar av desse midlane er overført til bruk i 2016.

## Diverse sykkeltiltak

Fortau i Stm. Michelsensvei er belasta denne posten i samråd med HFK. Tiltaket vart ferdigstilt i 2015.

## Fv 557 Bjørgeveien

Etter avklaring i FKG og styringsgruppa, starta prosjekteringa av sykkeltiltaket frå Straume til Sandeide. Prosjektet fekk belønningmidlar i 2015. Desse er overført til bruk i 2016. Prosjektering held fram og tiltaket startar opp så tidleg som mogleg.

### 2.2.2.3. Trafikksikringstiltak (L345)

Tab 18

Tall i helle tusen kr

FV nr	PROSJEKT	REGNSKAP HIÅ	F.K.MIDLAR (ÅRETS LØYVING)	BOMPENGAR OVERFØRT FRÅ 2014	BOMPENGAR ÅRETS	BIDRAG FRÅ PRIVATE	TIL DISP 2015	AVVIK (TILDISP OG REGNSKA P HIÅ	Fase
183	TOTLANDSVEGEN	0	0	0	0	0	0	0	ferdig
556	HJELLESTADVEGEN	2 000	0	0	-2 000	0	-2 000	0	Prosjektering/grunnerverv
	TRAFIKKSIKKERHETSINSPEKSJON	1 298	4 600	0	0	0	4 600	5 898	ferdig
	FOTGJENGERSIKRING	8 929	-15 500	0	0	0	-15 500	-6 571	pågående
	VEGBESLYSNING	874	-3 200	0	0	0	-3 200	-2 326	ferdig
	ULYKKEPUNKT	0	-1 000	0	0	0	-1 000	-1 000	utlyst
	TRAFIKKSIKKERHETSPLAN - DIVERSE MINDRE TILTAK	4 372	-3 800	0	0	0	-3 800	572	ferdig
	SUM TRAFIKKSIKKERHETSTILTAK MED LØYVING GITT I LEVERANSEAVTALEN	17 473	-18 900	0	-2 000	0	-20 900	-3 427	
	Rundkjøring Nordås	11	0	0	0	0	0	11	ferdig
	Fotgjengerkryssing ved Kirkevoll	73	0	0	0	0	0	73	Prosjektering
	SUM TRAFIKKSIKKERHETSTILTAK UTAN LØYVING	84	0	0	0	0	0	84	
	SUM TRAFIKKSIKKERHETSTILTAK TOTALT	17 557	-18 900	0	-2 000	0	-20 900	-3 343	

Administrativt vedtak oktober 2015; reduksjon i løyving med 9,1 mill.kr (FK midlar)

Generell kommentar: Gjennom administrativt vedtak oktober 2015 vart midlar til trafiktryggleiksinspeksjon redusert med 2 mill.kr og midlar til fotgjengersikring med 7,1 mill.kr. For fotgjengersikring vart diverre reduksjonen ført på trafiktryggleiksinspeksjon ved innlegging i økonomisystemet til SvV. Dette fører til at fotgjengersikring ligg inne med 7,1 mill.kr for mykje i tildeling mens trafiktryggleiksinspeksjon har 7,1 mill.kr i for lav tildeling. Resultatet er at tabellen over ikkje syner rett avvik på dei to tiltaka, men sumlinja på tabellen er korrekt.

## Fv 183 Totlandsvegen

Tiltaket omfattar gang-, sykkel- og trafiktryggleikstiltak. Ved T1 var det venta eit varig mindreforbruk på 1 mill.kr på trafikksikring på årets budsjett som følgje av at slutfaktura vart med i 2014 rekneskapen. Det vart eit tilsvarande meirforbruk i 2014. Mindreforbruket vart saldert bort i administrativ sak. Prosjektet er ferdigstilt, slutfaktura er utbetalt.

## Fv 556 Hjeltestadvegen

Reguleringsplanen er vedteken. Prosjektering held fram og anbudsutlysning er venta i oktober 2016. Anleggstart vert tidlig i 2017. I 2016 vert det kostnader knytt til grunnkjøp. Samla kostnadsramme for prosjektet er 150 mill.kr.

### Trafikktryggleiksinspeksjon

Teksta under tabellen over gjer greie for tildeling og avvik på dette tiltaket. Reelt er det eit mindreforbruk på posten som følgje av at tiltak på Fv. 580 Indre Arna - Haukeland og Fv. 564 Salhusvegen vert utført først i 2016. Kostnader i 2015 har gått til prosjektering.

### Fotgjengarsikring

Teksten under tabellen over gjer greie for tildeling og avvik på dette tiltaket. Reelt er det eit mindreforbruk på vel 1,8 mill. kr. på denne posten. Hovudårsaken til mindreforbruket er at det har tatt lengre tid å prosjektere tiltaka enn føreset. Fleire av tiltaka inngår i same kontrakt. Restarbeid og sluttoppgjer kjem i 2016. Dette gjeld mellom anna tiltak i områda Olsvik-Kjøkkelvik, Søråshøgda, Hamrevegen, restiltak Alvøen, Krokeidevegen og Mjølkeråen-Salhus-Hordvik. Dette er det tatt høgde for ved utarbeiding av plan og byggeprogram for 2016.

### Vegbelysning

Arbeidet er utført. Det er eit mindreforbruk på vel 2,3 mill.kr på posten som følgje av at kostnader på 2,4 mill. kr. er ført på drift av vegljøs i rekneskapen.

### Ulykkespunkt

Det er eit mindreforbruk på 1 mill. kr som følgje av forseinka prosjektering og utlysning av konkurransegrunnlag. Kontrakt er inngått med entreprenør i jan. 2016. Tiltaket er venta avslutta i 2016.

### Trafikktryggleiksplan – Diverse mindre tiltak

Forbruket på denne posten er avhengig av omfanget av initiativ for mindre tiltak som har prekært behov for realisering.

#### 2.2.2.4. Miljøtiltak (L355)

Tab. 19

Tal i heile tusen kr

FV nr	TILTAK	REGNSKAP HIÅ	F.K.MIDLAR (ÅRETS LØYVING)	BOMPENGAR OVERFØRT FRÅ 2014	BOMPENGAR ÅRETS	BIDRAG FRÅ PRIVATE	TIL DISP 2015	AVVIK (TILDISP OG REGNSKA P HIÅ)	Fase
	STØYTILTAK	4 484	-3 000	0	0	0	-3 000	1 484	
263	Kong Oscars gate	1 674	0	-10 685	0	0	-10 685	-9 011	prosjektering/utlysning
	SUM MILJØ OG SENTRUMSTILTAK MED LØYVING	6 158	-3 000	-10 685	0	0	-13 685	-7 527	
557	Bjørgeveien-Straume-Sandeide	18	0	0	0	0	0	18	
	Diverse miljøtiltak i Bergen	168	0	0	0	0	0	168	
	SUM MILJØ OG SENTRUMSTILTAK UTAN LØYVING	186	0	0	0	0	0	186	
	SUM TOTALT MILJØ OG SENTRUMSTILTAK	6 344	-3 000	-10 685	0	0	-13 685	-7 341	

### Støytiltak

Det er eit meirforbruk på 1,5 mill. kr. på posten som følgje av lovpålagte tiltak etter forureiningslova.

### Fv 263 Kong Oscarsgate

Tiltaket var ved T2 satt på vent av Styringsgruppa i Bergensprogrammet. Etter T2 er det gitt klarsignal for realisering av prosjektet. Prosjektering av tiltaket er starta opp att og

midlar er utbetalt til måling av grunnvasstand i 2015. Tiltaket skal realiserast så snart det er mogleg. Utllysning er venta februar/ mars 2016. Tiltaket har eit avvik på ca. 9 mill. kr. som følgje av at gamle bompengar etter fond frå 2001 ikkje er saldert bort. Dette er gjort i samråd med styringsgruppa for å sikre finansiering av tiltaket.

### 2.2.2.5. Kollektivtiltak (L365)

Tab 20

Tal i heile tusen kr

FV nr	PROSJEKT	REGNSKAP HIÅ	F.K.MIDLAR (ÅRETS LØYVING)	BOMPENGAR OVERFØRT FRÅ 2014	BOMPENGER ÅRETS	BIDRAG FRÅ PRIVATE	TIL DISP 2015	AVVIK (TILDISP OG REGNSKA P HIÅ)	Fase
	Oppgraderinger Bybanen	17 950	-18 000	0	0	0	-18 000	-50	
	OPPRUSTING HOLDEPLASSER INKL SENTRUMSTERMINALEN	12 649	-7 600	-1 800	0	0	-7 600	5 049	Pågående
	KOLLEKTIVSNUPLOSS ØVRE KRÅKENES SNU/REGULERINGSPLASS	2 523	-3 000	0	0	0	-3 000	-477	Prosjektering/utlysning
540	FYLLINGSDALEN ALLESTADVEIEN -SKARPHAUGEN KOLLEKTIVFELT	0	0	0	-16 000	0	-16 000	-16 000	Anleggsarbeid pågår.
	BIRKELANDSKRYSSET INNFARTSPARKERING.	57 023	-57 000	0	0	0	-57 000	23	Anleggsarbeid pågår
	DIVERSE TILTAK	9 850	-8 200	0	0	0	-8 200	1 650	Prosjektering/grunnerverv
	SUM KOLLEKTIVTILTAK GITT I LEVERANSEAVTALEN	99 996	-93 800	-1 800	-16 000	0	-109 800	-9 804	
562	Fv 562 Kollektivfelt Askøyveien,	8	0	0	0	0	0	8	ferdig
	Oppr. Storavann terminal	-23	0	0	0	0	0	-23	ferdig
	Terminalopprusting	122	0	0	0	0	0	122	
	Snuplass HIB	1 301	0	0	0	0	0	1 301	
582	Aktiv signalprioritering Fv 582	1 580	0	0	0	0	0	1 580	
240	Fv 240 Hesthaugveien	158	0	0	0	0	0	158	prosjektering
	SUM KOLLEKTIVTILTAK SOM IKKJE HAR LØYVING	3 145	0	0	0	0	0	3 145	
	<b>SUM TOTALT KOLLEKTIV</b>	<b>103 142</b>	<b>-93 800</b>	<b>-1 800</b>	<b>-16 000</b>	<b>0</b>	<b>-109 800</b>	<b>-6 658</b>	

Administrativt vedtak oktober 2015; auke i løyving på 41 mill.kr. (FK midlar)

Kollektivtiltak vert også finansiert med belønningmidlar (Se eigen omtale).

#### Oppgraderingar Bybanen

Etter avgjerd i styringsgruppa for Bergensrogrammet, vart 18 mill. kr i mindreforbruk på programområder saldert for å gradere opp bybanetraseen.

#### Opprusting haldeplassar inkl. sentrumsterminalen

Meirforbruket skuldast høg aktivitet på oppgradering av haldeplassar i 2015. Slutføring av prosjektering for Sentrumsterminalen pågår. Det vert lagt opp til gjennomføring i skuleferien sommaren 2016.

#### Kollektivsnuplass øvre Kråkenes, snu/ reguleringsplass

Prosjektering av tiltaket er forseinka. Anbudsutlysning er venta i mars 2016. Støytiltak er under realisering. Kostnader med støytiltak, samt dårlege grunntilhøve kan gi auka totalkostnader.

#### Fv. 540 Fyllingsdalen Allestadveien- Skarphaugen kollektivfelt

Av omsyn til planlegginga av Bybanen mot Vest har styringsgruppa i Bergensprogrammet avgjort å redusere omfanget av prosjektet. Det har medført endringar i prosjektering og tidspunkt for anleggstart. Prosjektet vart lyst ut med tilbudsfrist 12. mai. 2015. Kontrakt

vart inngått i juni 2015 og anlegget starta august 2015. Det har difor vore lågare faktureringsgrad enn føreset i budsjetteringa. Tiltaket vert ferdigstilt 1. kvartal 2017. Totalkostnad er sett til 120 mill.kr. Sluttoppgjer kjem i 2017.

### **Birkelandskrysset innfartsparkering**

Det er eit uttalt mål å få betalt ut tiltaket i 2015 for å unngå bindingar i plan og byggeprogrammet for 2016. Styringsgruppa i Bergensprogrammet har tillete at mindreforbruk innan programområda vert saldert mot dette tiltaket. Tiltaket vert sluttfinansiert i 2016.

### **Diverse tiltak**

I samråd med HFK/ partane i Bergensprogrammet er det starta prosjektering av bussvendepunkt og reguleringsplassar for buss ved den gamle trikkesløyfa i Fridalen. Tiltaket vert realisert i 2016. I tillegg vert tilrettelegging av sanntid til haldeplasser ført på denne posten. Ut over dette var 4,1 mill.kr av midlane øyremarka for å gradere opp Bybanetraseen, etter avklaringar i styringsgruppa for Bergensprogrammet.

#### **2.2.2.6. Planlegging (L375)**

Tab. 21

Tal i heile tusen kr

<b>PROGRAMOMRÅDER</b>	<b>REGNSKAP HIÅ</b>	<b>F.K.MIDLAR (ÅRETS LØYVING)</b>	<b>TIL DISP 2015</b>	<b>AVVIK (TILDISP OG REGNSKAP HIÅ)</b>
PLANLEGGING	38 079	-31 500	-31 500	6 579
<b>SUM KOMMUNIKASJONSMILDER</b>	<b>38 079</b>	<b>-31 500</b>	<b>-31 500</b>	<b>6 579</b>

Administrativt vedtak oktober 2015; reduksjon i løyving med 19,5 mill.kr (FK midlar)

Midlar til planlegging vart redusert med 19,5 mill.kr. i administrativt vedtak etter T2. Avviket skuldast at ei høgare del av plankostnadane skulle ha vore belasta planposten under belønningsmidlar. Det er ikkje eit meirforbruk på planposten samla, da det i november kom ei tildeling på 40 mill.kr. i belønningsmidlar.



## 2.2.2.7. Belønningsmidlar i Bergenprogrammet (L396)

Tab. 22

Tall i heile tusen kr

RV nr	PROSJEKT	REGNSKAP HIÅ	F.K.MIDLAR (OVERFØRT LØYVING BELØNNING SMIDLAR)	F.K.MIDLAR (ÅRETS LØYVING)	BOMPENGAR OVERFØRT FRÅ 2014	BOMPENGAR ÅRETS	BIDRAG FRÅ PRIVATE	TIL DISP 2015	AVVIK (TILDISP OG REGNSKAP HIÅ)	Fase
	352 PLANPROSJEKT-BERGENSPROGRAMME	0	0	-40000				-40 000	-40 000	pågåande
	Opprusting holdeplasser	18 543	-19486	0				-19 486	-943	pågåande
	Sentrumsterminalen	-675	-454	0				-454	-1 129	Prosjektering
	Gang- og sykkelbro Nygårdstangen	0	0	-3000				-3 000	-3 000	ferdig
540	Kollektivfelt Fyllingsdalen	0	0	-18000				-18 000	-18 000	anleggsarbeid pågår
	Fabrikkgaten Fjøsanger-Inndalsvei	1 500	0	-3000				-3 000	-1 500	ferdig
	Oppfølging sykkelbyvtalen	592	0	-1000				-1 000	-408	ferdig
	Innfartsparkering Birkelandskruss	20 000	0	-20000				-20 000	0	
557	Bjørgeveien-Straume-Sandeide	694	0	-1000				-1 000	-306	Prosjektering
	Sykkelveginspeksjoner	45	0	-1500				-1 500	-1 455	pågåande
	Sykkelparkering, kollektivtermina	0	0	-3500				-3 500	-3 500	pågåande
	Skilting/oppmerking i sentrale st	1 740	0	-1000				-1 000	740	ferdig
	Gang- og sykkelanlegg Møllendalsv	2 200	0	-2200				-2 200	0	ferdig
582	Aktiv signalprioritering Fv 582	9	0	-1000				-1 000	-991	pågåande
240	Fv 240 Hesthaugveien	0	0	-5000				-5 000	-5 000	Prosjektering
E39	E39 Rekkverk 2017	3	0	0				0	3	
	Grønt energipunkt Danmarks plass	1 500	0	-1500				-1 500	0	
	Trolleybuss	0	0	-500				-500	-500	
	Gangveger til bybanestoppa	0	0	-2000				-2 000	-2 000	
	Tiltak etter strekningsvise utgre	0	0	-1000				-1 000	-1 000	
	<b>SUM BELØNNINGSMIDLAR UTAN LØYVING I 2015</b>	<b>46 151</b>	<b>-19 940</b>	<b>-105 200</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-125 140</b>	<b>-78 989</b>	

Bevilget i mai 2015: 11,2 mill.kr. Bevilget i oktober 2015: 94 mill.kr.

Det er eit samla mindreforbruk på ca. 79 mill.kr. i belønningsmidlar gitt til investeringstiltak for 2015. Tildeling av midlar for 2015 kom seint på hausten og difor er ein stor del av desse ikkje nytta ved årets slutt. Midlane er ført over til bruk i 2016. For dei tiltaka der HFK eller Bergen kommune er byggherre/ har ansvar for realisering, utbetalar Svv midlar etter framdrift. Dette er i tråd med avgjerd i styringsgruppa i Bergenprogrammet.

(Det vart oppretta eige kode til tiltaket Skrivarvegen, fortau på Stord, for å kunne skilje belønningsmidlar i og utanfor Bergen).

### Planprosjekt

Det vart tildelt 40 mill. kr, til vidare planlegging av Bybanen, og til tiltak under programområda i belønningsmidlar november 2015. Desse midlane er ikkje nytta i 2015 og er ført over for bruk i 2016.

### Sentrumsterminalen

Slutføring av prosjektering for Sentrumsterminalen pågår. Det vert lagt opp til gjennomføring i skuleferien sommaren 2016. (Tiltaket er finansiert med belønningsmidlar, hfk midlar og bompengar).

### Oppgradering haldeplassar

Arbeid med desse konkrete haldeplassane vert avslutta i 2015. Sluttoppgjer kjem i 2016 for tiltaka knytt til linje 3 og 5.

### Gang og sykkelbro på Nygårdstangen

Tiltaket er ferdig prosjektert. Tildeling av belønningsmidlar delfinansierer tiltaket. Midlane er førd over for bruk i 2016. For nærare informasjon, sjå omtale under sykkeltiltaka.

### **Kollektivfelt Fyllingsdalen**

Prosjektet kom seinare i gang på grunn av omprosjektering for tilpassing til Bybanen i Fyllingsdalen. Kontrakt ble inngått juni 2015 med faktisk oppstart etter fellesferien. Difor har det vore lågare faktureringsgrad enn føresett i budsjettet. Planlagt ferdig 1. kvartal 2017. Totalkostnad 120 mill. kr.

### **Fabrikkgaten, Fjøsanger –Inndalsveien**

hadde anleggsstart 24. august 2015. Tiltaket er ferdigstilt. Det må påreknast sluttoppgjer i 2016 på ca. 2 mill.kr.

### **Oppfølging sykkelbyavtalen**

Dette er eit tilskot til Bergen kommune. Svv utbetalar etter fakturering framdrift/ forbruk i Sykkelbyen Bergen.

### **Bjørgeveien, Straume –Sandeide**

Tiltaket er under prosjektering. Sjå elles omtale under sykkeltiltaka for utfyllande informasjon.

### **Tiltak sykkelveginspeksjon**

Tiltaka er i hovudsak ferdig. Mindre restarbeid og sluttoppgjer kjem i 2016.

### **Sykkelparkering kollektivterminalar**

HFK ved Eigedom står for utføringa og har søkt om byggeløyve. Etter ønskje frå HFK vert midlar utbetalt frå Svv.

### **Sykkelskilting**

Tiltaka er ferdigstilt. Sluttoppgjer kjem i 2016.

### **Gang og sykkelveganlegg Møllendalsvegen**

Tiltaket er ferdigstilt. Bergen kommune er byggherre og Svv utbetalar midlar til kommunen.

### **Aktiv signalprioritering for buss**

Tiltaket held fram i 2016.

### **Fv 240 Hesthaugveien**

Prosjektering er i gang. Muleg oppstart hausten 2016.

### **Trolleybuss**

HFK er byggherre/ ansvarleg for gjennomføring. Svv utbetalar etter framdrift.

## Gangveggar til bybanestoppa

Bergen kommune er byggherre. Svvt utbetalar etter framdrift.

### Tiltak etter strekningsvise utgreiingar

Tiltaket kjem ikkje i gong før i 2016. Dei konkrete tiltaka er ikkje endeleg avklarte. Posten er førd opp i budsjettet i tråd med vedtak i HFK og Bergen kommune.

#### 2.2.2.8. Eksternt finansierte tiltak (L325)

Tab 23

Tall i heile tusen kr

FV nr	PROSJEKT	REGNSKAP HIÅ	F.K.MIDLAR (ÅRETS LØYVING)	BOMPENGAR OVERFØRT FRÅ 2014	BOMPENGAR ÅRETS	BIDRAG FRÅ PRIVATE	TIL DISP 2015	AVVIK (TILDISP OG REGNSKAP HIÅ)	Fase
580	RV 580 SANDSLIKRYSSET	7 566	-7 000	0	0	0	-7 000	566	Grunnerverv
	SUM EKSTERNT FINANSIERTE TILTAK MED DELFINANSIERING FRÅ BERGENSPROGRAMMET	7 566	-7 000	0		0	-7 000	566	
	ÅSAMYRVEIEN	48 516	-6 000	0		-24 000	-30 000	18 516	Ferdig
177	FLESLANDSVEIEN	1 226	-2 375			-9 500	-11 875	-10 649	Utløst
	SUM EKSTERNT FINANSIERTE TILTAK DER HFK KUN BEVILGER MVA	49 743	-8 375	0		-33 500	-41 875	7 868	
	SUM EKSTERNT FINANSIERTE TILTAK MED DELFINANSIERING FRÅ BERGENSPROGRAMMET/EKSTERNT FINANSIERTE TILTAK DER HFK KUN BEVILGER MVA	57 308	-15 375	0		-33 500	-48 875	8 433	
	USPESIFISERT	11	0					11	
	SUM PROSJEKT SOM IKKJE HAR LØYVING	11	0	0		0	0	11	
	SUM TOTALT	57 320	-15 375	0		-33 500	-48 875	8 445	

Under denne posten inngår eksternt finansierte tiltak med delfinansiering frå Bergensprogrammet og eksternt finansierte tiltak der HFK løyver mva.

#### RV 580 Sandlikrysset

Grunnkjøp har vore hovudaktiviteten i 2015. Bergensprogrammet yter tilskot til riksvegprosjektet i tråd med politiske vedtak.

#### Åsamyrveien

Det er meirforbruk for året i 2015. Dette kjem av ei tidsforskyving frå 2014, av fakturering frå entreprenør og ikkje ei endring i totalprognosen for prosjektet. Prosjektet er finansiert med eksterne midlar med unnatak av mva. Prosjektet er ferdig.

#### Fv 177 Fleslandsveien

Som nemnt i T2 er framdrifta forseinka grunna utfordringar i prosjekteringsfasen. Kontrakt med entreprenør er inngått, prosjektet er venta ferdig ved årsskiftet 2016/ 2017 og sluttoppgjer vil ligge føre i 2017. Tiltaket er finansiert ved tilskot og fylkeskommunal løyving er i utgangspunktet mva. Prosjektet er eit rekkefølgekrav til Bergen kommune ved VA-etaten. Svvt er byggherre på vegne av HFK. Styringsgruppa i Bergensprogrammet har handsama sak om finansiering av tiltaket og kome fram til at fullfinansiering må sikrast ved utarbeiding av plan og byggeprogram for 2017.

### 2.2.2.9. Kommunikasjon i Bergensprogrammet (L375)

Tab. 24

Tal i heile tusen kr

PROGRAMOMRÅDER	REGNSKAP HIÅ	F.K.MIDLAR (ÅRETS LØYVING)	TIL DISP 2015	AVVIK (TILDISP OG REGNSKAP HIÅ)
KOMMUNIKASJON I BERGENSPROGRAMMET	1 588	-3 000	-3 000	-1 412
<b>SUM KOMMUNIKASJONSMILDER</b>	<b>1 588</b>	<b>-3 000</b>	<b>-3 000</b>	<b>-1 412</b>

Det er eit mindreforbruk på 1,4 mill.kr i 2015. Det er tidlegere drøfta i FKG og styringsgruppa at tilgjengelige midlar låg for høgt i 2015, men desse forønskja ikkje å justere ned tildelinga.

## 2.3. Rassikring av fylkesvegar

### 2.3.1. Rassikring av fylkesvegar (L410) inkludert forskot

Tab 25

Tal i heile tusen kr

Fv nr	PROSJEKT	REGNSKAP HIÅ	STATLEG TILSKOT 2015	LØYVING 2015	TIL DISP 2015	AVVIK (TILDISP OG REGNSKAP)	Status
	Diverse tiltak	0	0	0	0	0	
572	Fv 572 Eddegjelet/Torgilsberget R	2 354	-900	-1 600	-2 500	-146	Ferdig
7	Fv-7 Haukanesberget	71 070	-60 000	-3 650	-63 650	7 420	Bygging/Anleggsarbeid
7	Fv7 Skredsikring Lussandberget	138 253	-127 000	-23 000	-150 000	-11 747	Bygging/Anleggsarbeid
7	Ras i Tokagjeldet	4 483	0	-4 700	-4 700	-217	Ferdig
344	FV 344 Oddaneset	123	0	-150	-150	-27	Ferdig
	Sum Rassikring gitt i leveranseavtalen	216 283	-187 900	-32 950	-221 000	-4 717	
	<b>SUM</b>	<b>216 283</b>	<b>-187 900</b>	<b>-32 950</b>	<b>-221 000</b>	<b>-4 717</b>	

Budsjettjustering i juni 2015 med reduksjon i løyving med 37,8 mill.kr.

Diverse tiltak har i leveranseavtalen har totalt tildisp -3800 hvor fordelingen er -3200 i statleg tilskot og løyving 2015 på -600.

Totalbeløpet er her delt ut til Oddaneset med -150 og Haukanesberget med -3650.

#### Fv. 572 Eddagjelet/ Torgilsberget

var det naudsynt å setje opp eit ekstra radiobygg for å kunne leggje inn nytt naudnett. Innlegging av naudnett er ferdig og slutfaktura er motteke. Prosjektet er nå avslutta.

#### Fv. 7 Haukanesberget/ Folkedalstunnelen

Prosjektet vart overtatt frå entreprenør 16.12.2015. Nå står berre mindre arbeid att. Fakturering av siste del av prosjektet og sluttoppgjøret kjem i 2016. Avviket som vart ved årsskifte må sjåast i samanheng med Lussandberget. Budsjettet vart i juninget redusert med 44 mill.kr og midlane må løyvast opp att i 2016. Totalprognose for prosjektet og opphavelag kostnadsoverslag er uendra. Det er løyvd 49 mill.kr til slutføring av prosjektet i 2016-budsjettet.

#### Fv. 7 Lussandberget

Arbeidet starta opp i januar 2015. Det var gjennomslag i tunnelen november 2015. Avklaring kring tilleggsdeponering er avklart. Det er venta sluttoppgjøret i våren 2017. Totalprognose for prosjektet og opphavelag kostnadsoverslag er uendra.

**Fv. 344 Oddaneset**

Kostnadene i 2015 er knytt prosjektering og aktuelle tiltak for å skredsikre området. Det er ikkje gjennomført nokre tiltak ennå.

**Ras Tokagjelet**

Dei forventa kostnadene i 2015 er knytt opp mot sluttoppgjer på prosjektet. Oppryddinga og sikring av raset som gjekk i september 2013 er ferdig. Kostnader med oppryddinga og rassikring av lia overfor Fv 7 Snauhaugtunnelen inkl. ny tunnelportal var ca. 9,8 mill.kr i 2013, 18,3 mill.kr i 2014 og ca. 4,5 mill.kr i år, dvs totalt 32,6 mill.kr.



Statens vegvesen  
Region vest  
Vegavdeling Hordaland  
Askedalen 4 6863 LEIKANGER  
Tlf: (+47 915) 02030  
firmapost-vest@vegvesen.no

[vegvesen.no](http://vegvesen.no)

**Trygt fram sammen**